



Økonomireglement

TILPASSA NY KOMMUNELOV

Økonomireglement for Ulvik herad | 2020 fyrste versjon
Etter mal frå NKKF og Grieg Investor

Innhald

Økonomireglementet sitt føremål og verknadsområde	4
Øvrige fullmakter.....	5
Livssykluskostnadar.....	6
Reglement for utarbeiding av finansielle måltal	7
Innleiing og bakgrunn	7
Regelverk	7
Mynde til å utarbeida finansielle måltal	7
Reglement for økonomiplan	9
Innleiing og bakgrunn	9
Regelverk	9
Mynde til å utarbeida økonomiplan.....	9
Reglement for budsjett.....	12
Innleiing og bakgrunn	12
Regelverk	12
Mynde til å utarbeida budsjett.....	13
Reglement for budsjettoppfylgjing og rapportering	14
Innleiing og bakgrunn.....	14
Regelverk	14
Rapportering til Heradstyret.....	14
Reglement for investeringsprosjekt.....	15
Innleiing og bakgrunn.....	15
Regelverk	16
Rapportering til heradstyret	16
Reglement for tilvising	18
Innleiing og bakgrunn.....	18
Regelverk	19
Mynde til å tilvisa.....	19
Reglement for utlån.....	20
Innleiing og bakgrunn	20
Regelverk	20
Mynde til å gjeva utlån	20

Reglement for nedskrivning for tap	21
Inneliing og bakgrunn	21
Regelverk	25
Mynde til å gjennomføra nedskrivning for tap	25
Reglement for disponeringsfullmakten	27
Inneliing og bakgrunn	27
Regelverk	27
Mynde til å disponera løyvingane i årsbudsjettet	27
Reglement for avsetjing til og bruk av disposisjonsfond	29
Inneliing og bakgrunn	29
Regelverk	29
Mynde til å disponera løyvingane i årsbudsjettet	29
Reglement for strykingar.....	31
Inneliing og bakgrunn	31
Regelverk	31
Kompetanse til å gjennomføre strykingar.....	31
Reglement for finansiering av investeringar.....	32
Inneliing og bakgrunn	32
Regelverk	33
Mynde til å gjennomføra finansiering av investeringar	34
Reglement for låneopptak.....	35
Inneliing og bakgrunn	35
Regelverk	37
Mynde til å taka opp lån.....	37
Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga(finansreglement)	38
Inneliing og bakgrunn	38
Regelverk	39
Mynde til å forvalta heradet sine finansar og gjeld	40
1. Føremålet med forvaltninga	40
2. Kva middel som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet og kva råmer og avgrensingar som gjeld for forvaltninga av midla (det skal mellom anna oppgjevast kva som er tillaten risiko, krava til risikospreiing og kva finansielle instrumenter som er tillatne)	42

3. Kva middel som skal forvaltast med ein lang tidshorisont og kva r�mer og avgrensingar som gjeld for forvaltinga av midla (det skal mellom anna oppgjevast kva som er tillaten risiko, krava til risikospreiing og kva finansielle instrument som er tillatne)	44
4. Kva r�mer og avgrensingar som gjeld for forvaltinga av gjeld (det skal mellom annet oppgjevast kva som er tillaten risiko, krava til risikospreiing og kva finansielle instrument som er tillatne).....	51
5. Rapportering og kontroll.....	53
6. Korleis avvik fr� finansreglementet skal handterast.	54

Økonomireglementet sitt føremål og verknadsområde

Kommuneloven § 14-2 gjer rede for heradstyret og fylkestinget sine plikter. Alle kommuner skal frå 1. januar 2020 iføolge § 14-2 d) ha reglar for økonomiforvaltinga (økonomireglement) – nytt føresegn - og bokstav e) reglar for finans- og gjeldsforvaltinga (finansreglement).

Med økonomiregelverk meinast her tildeling av mynde i økonomiprossane, frå oppstilling av årsbudsjettet til godkjenning av fakturaar i rekneskapssystemet.

Et slikt internt økonomireglement vil utfylle økonomiføresegna i kommuneloven med forskrifter, og vil kunne tilpassast behova i den enskilde kommunen. Sentrale tema i eit økonomireglement vil dømevis vera interne regler som bidreg til god økonomistyring og måloppnåing, forsvarleg og effektiv økonomiforvaltning, regeletterleving og eit godt avgjerdsgrunnlag for politikarane. Frå 1. januar 2020 er alle kommuner pålagt å ha eit økonomireglement, men kommuneloven føreslår ikkje nærare krav til økonomireglementet sitt innhald eller form.

Heradstyret skal sjølv vedteke reglar for økonomiforvaltinga (økonomireglement) etter kommuneloven § 14-2 bokstav d) og reglar for finans- og gjeldsforvaltinga (finansreglement) etter kommuneloven § 14-2 bokstav e).

Utgangspunktet for reglementet er råmer og retningslinjer som fylgjer av kommunelov med tilhøyrande forskrifter.

- Lov 22.6.2018 nr. 83 og sist endra 21.6.2019 nr. 55 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
- Forskrift 07.6.19 nr. 714 om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommuner og fylkeskommuner mv.
- Forskrift 18.11.19 nr. 1520 om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner
- Forskrift 18.10.2019 nr. 1412 om rapportering frå kommuner og fylkeskommuner mv. (KOSTRA-forskriften)
- Forskrift 11.12.2019 nr. 1731 om berekning av samla sjølvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyr (sjølvkostforskrifta)

I tillegg til nemnde sentrale lovar og forskrifter kjem også heradet sine egne retningslinjer og reglement. Videre synast det til GKRS – Foreningen for god kommunal regnskapsskikk, som har ein sentral rolle i arbeidet med budsjett- og rekneskapsprinsipp.

Heradet vel sjølv om dei vil at regler for finans- og gjeldsforvaltinga (finansreglement) takast inn i økonomireglementet eller om dette skal vera eiga reglement. I Ulvik herad er desse reglene teke inn i heradet sitt økonomireglement. Finansreglementet skal, i fylgje Forskrift 18.11.19 nr. 1520 om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner § 7, kvalitetssikra finansreglementet og rutinene av ein uavhengig instans.

Rådmannen har fullmakt til å gjennomføra endringar i reglementet som er av teknisk eller administrativ karakter.

Økonomireglementet gjeld for heradet, kommunale foretak, oppgåvefelleskap og interkommunale politiske råd.

Heradstyret vil understreka at budsjettfullmaktene er basert på at heradet sitt øvrige regelverk vert fylgt og vil særskilt framheva intern kontroll i økonomiforvaltinga, anskaffingsreglene og heradet sine etiske retningslinjer.

ØVRIGE FULLMAKTER

Delegasjonsreglement

Heradsstyret i Ulvik har vedteke delegeringsreglement som tek for seg mynde som heradsstyret har delegert til: formannskap, ordførar, rådmann, administrasjonsutval, vilt- og innlandsfiskenemnd m.m.

Her er òg delegering av mynde frå heradsstyret til kommunelege I og brannsjef.

Delegering etter økonomireglementet er underordna det til ein kvar tid gjeldande delegasjonsreglementet om ikkje anna fylgjer av lov eller forskrift.

Videredelegering av fullmakter

Rådmannen gjevast fullmakt til å videredelegera avgjerdsmynde i saker som rådmannen etter økonomireglementet er gjeva mynde til å fatta vedtak i.

Budsjettekniske korreksjonar

Rådmannen gjevast fullmakt til å føretaka budsjettekniske korreksjonar.

Prisar for kommunale ytingar

Formannskapet gjevast fullmakt til å vedteka nye prisar på kommunale ytingar som ikkje er heimla i lov. Dei retningslinjer for prisjusteringar heradstyret vedtek som ein del av budsjetthandsaminga skal leggjast til grunn for den konkrete prisfastsetjinga.

Formannskapet gjevast fullmakt til å fastsetja prisar på interne leveranser/tenester i heradet når slike ikkje er fastsett av heradstyret.

Økonomifullmakter overfor private institusjoner

Formannskapet gjevast fullmakt til å fastsetja budsjett, eventuelt inngå driftsavtaler, samt godkjenna rekneskapar for private institusjonar som får driftstilskot frå heradet. Dette gjeld likevel ikkje for private institusjonar som mottek driftstilskot som fylgje av vedtak fatta av dei einskilde hovedutvala.

Oppretting og inndragning av stillinger

Rådmannen gjevast fullmakt til å oppretta og inndraga stillingar innanfor råma av vedteke budsjett.

Særnamnsmynde

Rådmannen delegerast særnamnsmynde frå 1. november 2020, det tidspunkt skatteoppkrevjaren vart overført staten, etter dei lovar/forskrifter kor slik mynde er gjeve.

Bankfullmakt

Rådmannen delegerast mynde til å disponera kasse, bank, postgiro og driftskredittar.

Internkontroll

Rådmannen skal tilsjå at det utøvast tilstrekkeleg internkontroll med administrasjonen si verksemd, jf. kommuneloven § 25-1.

Rådmannen er ansvarleg for at heradet si økonomiforvaltning har forsvarleg intern styring og kontroll. Det skal etablerast administrative rutiner som sørgjer for at budsjettoppfylgjinga vert forsvarleg kontrollert og at utøvinga skjer i tråd med budsjettreglementet, samt gjeldande lovar og forskrifter.

Rådmannen skal minst éin gong i året rapportera til heradstyret om internkontroll og om resultat frå statleg tilsyn, jf. kommuneloven § 25-2.

LIVSSYKLUSKOSTNADAR

Departementet ser det som naturleg at kommunane i sine økonomireglement sjølve stiller krav om vurderingar av livssyklus-kostnader, der det er naudsynt.

I Ulvik herad vert livssyklus-kostnader vurdert for store investeringsprosjekt og VA-anlegg.

Reglement for utarbeiding av finansielle måltal

INNLEIING OG BAKGRUNN

Kommunar og fylkeskommunar skal forvalta økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid. For å kunna seia noko om dette er kommunane fra 1. januar 2020 pålagt å utarbeide finansielle måltall. Finansielle måltal kan gjeva eit betre grunnlag for avgjerder i økonomiplan- og budsjettprosessen, og betre grunnlag for openheit og vurderingar av den økonomiske utviklinga i årsmeldinga.

Dei finansielle måltala må fastsetjast av den einskilde kommunen ut fra kommunen sin økonomiske situasjon.

Det er ikkje gjeve bindande reglar for val av måltal eller kva nivå måltala bør liggja på. Kommunane må sjølve taka eigarskap til utarbeidinga av og bruk av finansielle måltal som styringsverktøy.

Med finansielle måltal meinast politiske mål for økonomisk utvikling, t.d. mål for utvikling i netto driftsresultat, gjeldsgrad og driftsreservar. Dei finansielle måltala vil kunne medverka til å auka medvitheita om langsiktig økonomiforvaltning i budsjettprosessane og betra viten om heradet sin økonomiske stilling og kva politiske ambisjonar det er rom for i eit lengre perspektiv.

REGELVERK

Føresegnet om at kommunane skal utarbeida finansielle måltal for utviklinga av heradet eller fylkeskommunen sin økonomi er teke inn i kommuneloven § 14-2, bokstav c.

Føresegnet inneber ein plikt for heradstyret og fylkestinget til å fastsetja finansielle måltal som hjelpemiddel i den langsiktige styringa av heradet eller fylkeskommunen sin økonomi. Med finansielle måltal meinast politiske målsetjingar for heradet eller fylkeskommunen sin økonomiske utvikling.

Føresegnet må sjåast i samanheng med heradstyret og fylkestinget sine ansvar for ein langsiktig økonomiforvaltning, jf. § 14-1, 1. ledd (generalføresegnet).

I årsmeldinga skal det i høve kommuneloven § 14-7, 2. ledd, bokstav a) gjerast reie for forhold som er viktige for å vurdere den økonomiske utviklinga og stillingen. Føresegnetinneheld i tillegg eit nytt krav som inneber at det må gjevast ei vurdering av om økonomisk utvikling og stilling tek hand om den økonomiske handleevna over tid. Dette må sjåast i samanheng med generalføresegnet i § 14-1, 1. ledd og dei finansielle måltala etter § 14-2 bokstav c. For årsmeldinga for heradet eller fylkeskommunen si samla verksemd, må bokstav a forståast slik at det også skal gjevast ei vurdering av den totale økonomien til heradet eller fylkeskommunen som juridisk eining, basert på den konsoliderte rekneskapsen, og ikkje berre ei vurdering av heradskassen eller fylkeskommunekassen sin økonomi.

MYNDE TIL Å UTARBEIDA FINANSIELLE MÅLTAL

Heradet sine finansielle måltal er:

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Driftsreservar

Dei finansielle måltala er utarbeidd i høve heradet sitt arbeid med økonomiplan og budsjett.

Kva krav som skal stillast til dei einskilde finansielle måltala avgjerast kvart år i tilknytning arbeidet med økonomiplan og budsjett.

Reglement for økonomiplan

INNLEIING OG BAKGRUNN

Kommuneloven har krav om at økonomiplan skal syna heradstyret sine prioriteringar og løyvinger og dei måla og premissa som økonomiplanen byggjar på. Dokumentet skal også syna utviklinga i heradet sin økonomi, utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar.

Loven set fast at økonomiplanen og årsbudsjettet skal syna heradstyret sine prioriteringar og løyvingar og dei måla og premissa som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjar på. I merknadene til lovteksta nemnast:

«[Kommuneloven § 14-4] Andre ledd første punktum innebærer at økonomiplanen og årsbudsjettet må vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringar. Det siktes her til å vise hvordan kommunestyret eller fylkestinget ønsker å oppnå politiske mål, enten det er gjennom økonomiske eller andre tiltak. Utover kravet til oversiktighet i tredje ledd, stilles det ikke krav til hvordan prioriteringene framstilles. Første punktum innebærer vidare at bevilgningene skal vises, det vil si hvilken økonomisk ramme som kommunestyret eller fylkestinget fastsetter til disponering for de ulike budsjettområdene og til ulike formål. Det ligger til kommunestyret og fylkestinget selv å avgjøre hvordan bevilgningene skal inndeles og fastsettes. Kommunestyret eller fylkestinget avgjør selv om bevilgninger skal gis som bruttobevilgninger, nettobevilgninger eller ved å kombinere brutto- og nettobevilgninger. Nærmere krav til oppstilling av bevilgningene vil følge av forskrift, se sjetle ledd. Etter første punktum skal økonomiplanen og årsbudsjettet også angi målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på, herunder premissene for bruken av bevilgningene.»

REGELVERK

Føresegnet om økonomiplan er regulert i kommuneloven § 11-9, § 11-10, § 14-2, § 14-3, § 14-4, § 14-9, § 14-10, § 28-1, § 28-5, § 29-4 og Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.

MYNDE TIL Å UTARBEIDA ØKONOMIPLAN

Arbeidet med økonomiplanen skal fylgja dei fristar som kjem fram av kommuneloven § 14-3, og oppstillings- og dokumentasjonskrav til budsjettet som fylgjer av kommuneloven § 14-4.

Økonomiplanen omfattar heile heradet sin verksemd, både drift og investering, og skal syna korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal fylgjast opp, jfr. kommuneloven § 14-4. Økonomiplanen skal gjeva ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa kostnader og prioriteringar over ein fireårsperiode (4 år).

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i balanse og vera realistiske, fullstendige og oversiktlege.

Heradstyret skal ved handsaminga av økonomiplanen taka stilling til nivået på dei finansielle måltala for den langsiktige styringa av heradet sin økonomi, jfr. kommuneloven §14-2.

1. Handlingsprogram med økonomiplan (i det etterfølgende kalt økonomiplan) utarbeidast årlig og omfattar siste årsregnskap, inneverande års budsjett og dei fire neste budsjettåra. Planen utarbeidast som ein del av årsbudsjettet i andre halvår og vedtakast av heradstyret innan utgangen av desember månad. Vedteken økonomiplan er styreade for heradet sine interne høve ved utarbeidinga av budsjett for planen sitt fyrste år. Ved vesentlege endringar i heradet sin økonomi bør økonomiplanen fremleggjast til ny handsaming.

2. Rådmannen sitt ansvar

Innan utgangen av august månad kvart år utarbeidar rådmannen i samråd med ordføraren ein framdriftsplan for arbeidet med økonomiplan for administrasjonen og politiske organ.

Ved oppstart av økonomiplanarbeidet skal rådmannen utarbeida konsekvensjusterte brutto budsjett for planperioden basert på seinast vedteke årsbudsjett med korrigeringar for endeleg vedtekne endringar og andre justeringar som sjåast som bundne. Den konsekvensjusterte økonomiplanen drøftast på ein konferanse i september mellom formannskapet, heradstyret sine gruppeleiarar og rådmannen sin leiargruppe. Rådmannen utarbeidar deretter eit forslag til økonomiplan.

Rådmannen sitt forslag skal vera spesifisert på respektive område i nettobeløp. Investeringsprosjekt skal framkome einskildsvis under respektive område.

Vidare skal det fremleggjast oversikt over

- planlagt utvikling i resultatindikatorar av særskilt verd
- planlagt utvikling i ulike strukturelle ressursar
- planlagte investeringsprosjekt med finansiering og driftsverknad
- utviklinga i rente- og avdragsbyrda
- utviklinga i langsiktig gjeld
- utviklinga i ulike fondsbeholdningar
- arbeidskapitalen/likviditetsutvikling
- utviklinga i garantiansvar
- tilskot til/frå kommunale/interkommunale verksemder som fører eigen rekneskap.

Til dei einskilde løyvingar som heradstyret vedtek skal det tilførast mål og premiss.

Økonomiplanen skal byggja på kommuneplanen sin langsiktige del, dei føresetnadar og økonomiske overslag som kjem fram av Kommuneøkonomiproposisjonen og Revidert nasjonalbudsjett som leggjast fram i mai kvart år. Vidare skal det føretakast ei drøfting av den økonomiske handlefridomen dei ulike åra i planperioden.

Rådmannen sitt forslag leggjast føre hovudutvala, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet (AMU), dei tilsette sine organisasjonar, eldrerådet, ungdomsrådet, og rådet for funksjonshemma til handsaming i opne møte.

3 Formannskapet sitt ansvar

Formannskapet lagar innstilling i ope møte til heradstyret etter handsaming i hovudutval.

Reglement for budsjett

INNLEIING OG BAKGRUNN

Kommuneloven har krav om at årsbudsjett skal syna heradstyret sine prioriteringar og løyvingar og dei måla og premissa som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjar på. Dokumentet skal også syna utviklinga i heradet sin økonomi, utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar. Vedtaket om årsbudsjett skal angjeva kor mykje lån som skal takast opp i budsjettåret. Det er ikkje regulert nærare i budsjett- og rekneskapsforskriften korleis dette skal stillast opp.

Formannskapet skal leggja årsbudsjettet fram for heradstyret. Om innhaldet i årsbudsjettet seier departementet i proposisjonen:

«I hovudsak foreslår utvalget å videreføre dagens regler om økonomiplanen og årsbudsjettet. Dette gjelder blant annet kommunestyrets plikt til selv å vedta en fireårig økonomiplan og et årsbudsjett, formannskapets rett og plikt til å innstille til vedtak om økonomiplan og årsbudsjett, og kravet om at innstillingen skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før kommunestyret skal behandle den. Disse reglene har fått ingen eller svært lite oppmerksomhet i høringen, og departementets lovforslag er i tråd med det utvalget foreslår. Det samme gjelder reglene om årsbudsjettets bindende virkning og reglene om budsjettstyring, som også i hovudsak videreføres.»

Loven slår fast at økonomiplanen og årsbudsjettet skal syna heradstyret sine prioriteringar og løyvingar og dei måla og premissa som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjar på. I merknadene til lovteksten nemnast:

«[Kommuneloven § 14-4] Andre ledd første punktum innebærer at økonomiplanen og årsbudsjettet må vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer. Det siktes her til å vise hvordan kommunestyret eller fylkestinget ønsker å oppnå politiske mål, enten det er gjennom økonomiske eller andre tiltak. Utover kravet til oversiktighet i tredje ledd, stilles det ikke krav til hvordan prioriteringene framstilles. Første punktum innebærer videre at bevilgningene skal vises, det vil si hvilken økonomisk ramme som kommunestyret eller fylkestinget fastsetter til disponering for de ulike budsjettområdene og til ulike formål. Det ligger til kommunestyret og fylkestinget selv å avgjøre hvordan bevilgningene skal inndeles og fastsettes. Kommunestyret eller fylkestinget avgjør selv om bevilgninger skal gis som bruttobevilgninger, nettobevilgninger eller ved å kombinere brutto- og nettobevilgninger. Nærmere krav til oppstilling av bevilgningene vil følge av forskrift, se sjette ledd. Etter første punktum skal økonomiplanen og årsbudsjettet også angi målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på, herunder premissene for bruken av bevilgningene.»

REGELVERK

Føresegna om økonomiplan er regulert i kommuneloven § 11-9, § 11-10, § 14-2, § 14-3, § 14-4, § 14-5, § 14-9, § 14-10, § 14-17, § 24-5, § 28-1, § 28-3, § 28-5, § 29-4 og Forskrift om

økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.

MYNDE TIL Å UTARBEIDA BUDSJETT

1. Rådmannen sitt ansvar

Med bakgrunn i økonomiplan og eventuelt naudsynte justeringar i bundne utgifter/inntekter, utarbeidar rådmannen foreløpig utkast til årsbudsjett (taldel) for neste år bestående av investeringsbudsjett og driftsbudsjett. Dette, saman med oversikt som synar konsekvensane av Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett, drøftast på ein konferanse i september mellom formannskapet, heradstyret sine gruppeleiarar og rådmannen sin leiargruppe. Rådmannen utarbeidar deretter eit forslag til budsjett. Budsjettet skal framstillast i nettobeløp på respektive programområde/råmeområde).

Rådmannen sitt forslag leggast fram for hovedutvala, administrasjonsutvalet, arbeidsmiljøutvalet (AMU), dei tilsette sine organisasjonar, eldrerådet, ungdomsrådet og rådet for funksjonshemma til handsaming i ope møte.

2 Heradstyret sitt ansvar

Heradstyret vedtek årsbudsjettet. Vedtaket gjerast på grunnlag av innstilling frå formannskapet.

3 Formannskapetets ansvar

Formannskapet lagar innstilling i ope møte til heradstyret etter handsaming i hovudutval og andre politiske fora. Budsjettinnstillinga skal være spesifisert på respektive programområde (råmeområde) i nettobeløp.

4. Årsbudsjettet sitt innhald og si inndeling

- Årsbudsjettet er ein bindende plan for heradet sine middel og bruken av desse i budsjettåret.
- Heradstyret sine prioriteringar samt dei målsetnadar og premiss som budsjettet byggjar på, skal koma tydeleg fram.
- Budsjettet skal framstillast i eit samla dokument som drifts- og investeringsbudsjettet inngår i.
- Budsjettet byggjar på nettoråmer, og slår i desse saman utgifter og inntekter.

5. Programområde

- Stab (210)
- Barnehagen (220)
- Undervisning (230)
- Helse og omsorg (240 og 270)
- Plan, teknikk og eigedom (280-283)
- Finans (290 og 291)

Reglement for budsjettoppfølging og rapportering

INNLEIING OG BAKGRUNN

Rådmannen pliktar å rapportera skriftleg om utviklinga i inntekter og utgifter samanheldt med årsbudsjettet. Slik rapportering skal finna stad minst to gonger gjennom budsjettåret.

REGELVERK

I høve kommuneloven § 14-5, 3. ledd skal rådmannen minst to gonger i året rapportera til heradstyret eller fylkestinget om utviklinga i inntekter og utgifter, samanheldt med årsbudsjettet. Hvis utviklinga tilseier vesentlege avvik, skal rådmannen føreslå endringar i årsbudsjettet.

Rapporteringa til heradstyret, formannskapet eller fylkesutvalet må i praksis gå via formannskapet eller fylkesutvalget som skal innstilla til eventuelle endringar i årsbudsjettet, jf. § 14-3, 3. ledd. Andre punktum gjev rådmannen plikt til å føreslå endringar i inneverande års budsjett om utviklinga i inntekter eller utgifter tilseier at det vil oppstå vesentlege budsjettavvik. Føresegnet inneber at det ikkje er tilstrekkeleg for rådmannen å berre melda frå om at det må forventast avvik. Ved parlamentarisk styreform ligg pliktene etter fyrste og andre punktum til kommunerådet eller fylkesrådet, jf. Kommuneloven § 10-2, 1. ledd, 2. punktum.

I tillegg skal rådmannen utarbeida ei årsmelding i høve kommuneloven § 14-7.

RAPPORTERING TIL HERADSTYRET

For fyrste tertial og andre tertial i året skal rådmannen utarbeide rapportar med regnskapsoversikter og årsprognosar for dei einsskilte råmeområda og for heradet samla.

Tertialrapportene skal skildra den økonomiske utviklinga og utviklinga i tjenesteproduksjonen i forhold til tallbudsjett og aktivitetsplanar. Rapportane skal innehalde en samanstilling av periodisert budsjett, akkumulert rekneskap og prognose for året.

Dersom det ligg an til avvik skal dette forklarast, og forslag til naudsynte mottiltak skal framkoma.

Tertialrapportene skal også gjeva ei oversikt over rekneskap, budsjett og prognose for investeringane.

Tertialrapportene leggjast fram for heradstyret i juni, og i oktober kvart år.

Vidare bør ordføreren i same sak rapportera tilbake til heradstyret om korleis det delegerte myndet i høve kommuneloven § 6-1 er nytta. Når, korleis og i kva omfang slik rapportering skal skje, er opp til heradstyret eller fylkestinget å fastsette. Dersom heradstyret ikke set fast slike nærare retningslinjer for rapporteringa vil det vera opp til ordføreren sjølv å avgjera når, korleis og i kva omfang han eller ho rapporterar.

Plikta til å rapportera vil fortsatt gjelda. Ordføreren kan difor ikkje heilt unnlata å rapportera, sjølv om heradstyret ikkje har gjeve nokre føringar for rapporteringa.

Reglement for investeringsprosjekt

INNLEIING OG BAKGRUNN

For investeringsprosjekt som går over fleire år har Kommunal- og moderniseringsdepartementet uttala fylgjende:

«Årsbudsjettet skal være realistisk og fastsettes på grunnlag av de inntekter og utgifter som kommunen kan forvente i budsjettåret. Det følger således av kommuneloven at investeringsbudsjettet er ettårig. Dette innebærer at et investeringsprosjekt som vil gå over flere budsjettår, må tas inn i investeringsbudsjettet kun med den delen av utgiftene til prosjektet som forventes i det aktuelle budsjettåret. Bevilgninger til resterende del av utgiftene til et flerårig prosjekt må deretter tas inn i de påfølgende års budsjetter i takt med prosjektets fremdrift. Samtidig innebærer dette at vedtak om totale kostnadsrammer for flerårige enkeltprosjekter må gis som tillegg til den obligatoriske oppstillingen av investeringsbudsjettet, og utgiftene må fordeles på de enkelte år i økonomiplanen.

Når det gjelder endringer i årsbudsjettet vil dette være påkrevd selv om den totale budsjettbalansen ikke er forrykket. Kravet til budsjettreguleringer gjelder for de enkelte bevilgninger når forventede utgifter overskrider de enkelte rammer som er vedtatt i årsbudsjettet. Dette innebærer at forsinkelser eller forseringer av investeringsprosjekter som påvirker kommunestyrets bevilgninger (...) må innarbeides i et revidert budsjett når avvikene tilsier det. Tilsvarende gjelder for forventninger om kostnadsøkninger/-reduksjoner eller inntektsreduksjoner/-økninger. Budsjetterte prosjekter som ikke er iverksatt eller fullført innenfor planlagt budsjettår, skal tas med i årsbudsjettet for påfølgende år, enten i det ordinære budsjettvedtaket eller i forbindelse med en budsjettregulering.

Departementet presiserer at det ikke vil være tilstrekkelig for å oppfylle lovens krav til årsbudsjett og krav om hjemmel til å disponere kommunens midler å legge til grunn at investeringsprosjekter anses som fullfinansiert i henhold til en vedtatt økonomiplan eller tidligere budsjettvedtak. Vedtatt økonomiplan, unntatt vedtak for år 1 i økonomiplanen dersom dette er vedtatt som årsbudsjett, eller tidligere års budsjettvedtak, kan etter departementets vurdering ikke regnes som bevilgninger som underordnet organ kan disponere.»

Investeringsbudsjettet kan vera fastsett som brutto utgifter og inntekter pr. programområde eller verksemdsområde, eller brutto utgifter og inntekter pr. investeringsprosjekt. Det kan også vere krav om at investeringsprosjekt over visse beløp skal ha eit samla kostnadsoverslag med tilhøyrande finansieringsplan. Ut over løyvingar til organisatoriske einingar eller prosjekt kan det koma sentrale løyvingar til, til dømes, utlån og mottekne avdrag på utlån, kjøp og sal av aksjer og sal av eigedomar, bygg og anlegg. Heradstyret kan fastsetja at slike sentrale løyvingar berre skal handterast av heradstyret sjølv, eller at formannskapet får visse fullmakter.

REGELVERK

Kommuneloven med forskrift har ikkje egne føresegn på korleis ein skal fylgja opp investeringsprosjekt. Loven med forskrift har likevel føresegn om finansiering og brutto/netto rårer.

RAPPORTERING TIL HERADSTYRET

1. Kvalitetssikring av investeringsprosjekt

For alle investeringsprosjekt, både investeringar i heradet og investeringar i regi av eit kommunalt føretak, skal det føreliggja eit avgjerdsgrunnlag som er tilstrekkeleg kvalitetssikra før prosjektet vedtakast. Kravet til avgjerdsgrunnlag vil kunna variera ut frå type investering, kompleksitet/uvissheit og økonomisk omfang.

Alle investeringsprosjekt skal kvalitetssikrast. Når det utarbeidast standardkonsept for føremålsbygg (skuler, barnehagar og sjukeheim/omsorgstun), skal desse konseptane også kvalitetssikrast. Heradet, ved eining for plan, teknikk og eigedom, skal pre-kvalifisere og inngå rådeavtalar med eksterne fagmiljø som kan engasjerast til å utføra kvalitetssikringa.

Heradet, ved eining for plan, teknikk og eigedom, skal tilpassa krava til ekstern eller intern kvalitetssikring for eit investeringsprosjekt til eit nivå som gjer at avgjerdsgrunnlaget vil vera kvalitetsmessig tilfredsstillande.

2. Generell prosesskildring for større investeringsprosjekt

Det skal fyrst utarbeidast ein behovsanalyse. Hovudkrava til prosjektet skal definerast, og alternative løysingar utreiiast. Kostnadsestimat for investeringa og forventa kostnader gjennom investeringa si levetid og for aktuelle alternativ og gjennomføringmodellar skal reknast ut. Dette avgjerdsunderlaget skal kvalitetssikrast.

Dersom kvalitetssikringa konkluderer med at avgjerdsgrunnlaget er kvalitetsmessig godt nok til at heradet kan vurdera å gå vidare med prosjektet, avgjer heradstyret kva alternativ som skal planleggjast for gjennomføring.

Deretter gjennomførast eit forprosjekt for å framskaffa gjennomarbeidde kostnadsoverslag og plan for framdrift, organisering mv. Dette materialet skal kvalitetssikrast før det vert teken ein avgjerd om prosjektet skal føreslåast gjennomført. Det skal leggjast ein styringsråde til grunn ved budsjettering av nye investeringsprosjekt. 20 % av prosjekta sine uvissesavsetjingar, som er differansen mellom kostnadsramma og styringsramma, avsetjast sentralt.

Formannskapet gjevast fullmakt til å definera nærare krava til den dokumentasjonen som skal føreliggja, også krava til avgjerdsgrunnlag og kvalitetssikring for mindre investeringsprosjekt.

Investeringsprosjekta føresetjast gjennomført innanfor den styringsramma verksemda får tildelt. Formannskapet gjevast fullmakt til, etter førespurnad frå rådmannen eller frå styret i eit føretak, å frigjeva heile eller delar av den sentralt avsette uvisseavsetjinga som inngår i den kostnadsramma heradstyret har sett for prosjektet.

Som hovudregel skal uvisseavsetjinga for prosjekt som går over fleire år budsjettmessig periodiserast i siste år av prosjektperioden.

For prosjekt gjennomførde i regi av eit kommunalt føretak, utarbeidast det ei bindande avtale mellom heradet og føretaket før prosjektet setjast i gang. Ansvar og risikoen for at prosjektet held seg innanfor vedtekne rådevilkår, vil deretter liggja hjå føretaket.

Når det er gjeve løyving til eit prosjekt må det sikrast at den etterfylgjande detaljplanleggjinga er kvalitetsmessig tilfredsstillande før prosjektet setjast i gang. Ved gjennomføringa må det sikrast tilfredsstillande rutiner for å ha løpande oversikt over utviklinga i kostnader og i framdrift, samt rutiner for rapportering.

3. Kommunalt engasjement i private investeringsprosjekt og andre kommunar sine offentlege, pålagde investeringar

a) Heradstyret føreset at heradet ikkje engasjerer seg i byggjeprojekt der finansieringsplanane er urealistiske. Prosjekteringskostnadar som måtte påløpa for ikkje-finansierte prosjekt i privat eller i annen kommune sin regi, er heradet uvedkomande

b) Private/andre kommunar sine investeringsprosjekt som har lån fra kommunen og/eller kommunal lånegaranti til føresetnad, og/eller kor heradet skal betala renter, avdrag og/eller driftsutgifter, kan ikkje setjast i gang før finansieringsføresetnadane er oppfylt

c) Kommunalt investeringstilskot til private investeringsprosjekt vert ikkje utbetald før prosjektet er dokumentert fullfinansiert.

Reglement for tilvising

INNLEIING OG BAKGRUNN

Heradet bør også avgjera kva stillingar eller funksjonar som har kva mynde i tilknytning til innkjøp og godkjenning av utgifter. Ein lyt streva etter å skilja mellom tingingsløyve, attestasjon, tilvising og betalingsløyve. Med tingingsløyve meinast mynde til å gjera innkjøp innanfor visse rårer og beløp, og det kan angjevast nærare kva prosedyrar som skal fylgjast (vurdering av behov, anbodskjøp, høvet til innkjøpsorganisasjon mv.). Attestasjon er mynde til å godkjenna at eit innkjøp (utgift) kan belastast det angjevne budsjettet, av dette at dei underliggjande prosedyrar er fylgde, dømevis kontroll av tingingsmynde og bruk av rekvisisjon og vedhefta fylgjesetel med kvittering for mottak av varen/tenesten. Attestasjonsmyndet leggast normalt til nivå for budsjettansvarleg.

Det må skiljast mellom betalingsgodkjenning knytt til omgrepet tilvisingsmynde og betalingsløyve knytt til remittering av leverandørfakturaar og andre utbetalningar. Betalingsløyvet bør utøvast av to personar i fellesskap, og heradet bør fastsetja korleis dette skal utøvast, t.d. at utbetalningar fyrst skal gjennomførast etter at utgiftene er godkjende gjennom attestasjons- og tilvisingsprosedyrane. Å ha betalingsløyve over heradet sine bankkonti er for øvrig knytt til høg risiko for utilbørlege høve. Heradet har eit ansvar for å redusera denne risikoen ved å ha tilstrekkeleg arbeidsdeling, både gjennom det å skilja dette myndet frå anne mynde (attestasjons- og tilvisingsmynde), og å sikra ein forsvarleg kontroll ved at to personar må utøva funksjonen i fellesskap.

Den som attesterer skal sjå til at:

- Levering er i samsvar med tinging
- Varemottak/utførd teneste stemmer med fakturaen
- Pris og betalingsvilkår er i høve til innkjøpsavtale
- Arbeidet er utførd og at timetalet er korrekt
- Tilvisingsblanketten er utfylt
- Varer er inventarførde der dette er aktuelt
- At fakturaen er i samsvar med dei krav bokføringsloven/bokføringsforskriften set med omsyn til det som minimum må framgå av fakturaen
- Rett mva-kode
- Riktige kodar for øvrig

Den vil øke trygginga for at berre utgifter som gjeld heradet vert belasta, at varer og teenester som utgifta representerer, er mottekne, og at utgiftene vert belasta på rett kostnadsstad i rekneskapen. Det er difor viktig at dei etablerte rutinene tek med krava i prosedyrane, og at disse etterlevast kontinuerlig med tilstrekkeleg kontroll.

Den som tilviser skal sjå til at:

- Disponeringa av budsjettmidla er formelt, reelt og økonomisk i orden
- Attestasjon og kontroll er utførd av personar som er tillagde denne oppgåva
- Det er budsjettmiddel til innkjøpet
- Det føreligg fullstendig oversikt over kva kontraktar som legg bindingar på budsjettløyvingane ut driftsåret

REGELVERK

Myndet til å disponera løyvingane som er førde opp i årsbudsjettet (disponeringsfullmakten) ligg som utgangspunkt til rådmannen i høve kommuneloven § 14-5, 1. ledd, 1. punktum. Dette fylgjer av rådmannen sin iverksetjingsplikt i kommuneloven § 13-1, 4. ledd, 1. punktum.

MYNDE TIL Å TILVISA

Rådmannen delegerast mynde til å tilvisa.

Tilvisingsmyndet gjeld ikkje ved tilvising av eigne regningar, eller i døme kor inhabilitet kan verta gjort gjeldande. I slike døme skal tilvisninga føretakast av overordna tilvisingsmynde.

Heradet sin rekneskapsansvarlege skal straks ha melding når tilvisingsmynde gjevast/opphøyrer.

Dersom utøving av delegert tilvisingsmynde ikkje tilfredsstillar dei krav som stillast til god internkontroll (jfr. føregåande punkt), skal dette rapporterast til vedkommande sin leiar.

Reglement for utlån

INNLEIING OG BAKGRUNN

Med utlån siktast det både til utlån av egne midlar og til utlån finansiert med lån, såkalla vidareutlån. Sosiale utlån, det vil seia utlån etter sosialteenesteloven og utlån til næringsføremål førstast likevel i driftsrekneskapen dersom slike utlån finansierast med driftsinntekter.

Sosiale utlån reknast som utgifter til drift og det samme gjeld næringsutlån om utlånet finansierast av løpande inntekter. Tilsvarande skal mottekne avdrag som er førde i driftsregnskapen, reknast som løpande inntekter. Sosiale utlån er gjevne med heimel i sosialteenesteloven eller liknande føremål etter heradet sitt eiga reglement. Næringsutlån er utlån til næringsutvikling som ofte finansierast med middel frå et næringsfond.

Føresegnet om sosiale utlån og næringsutlån er eit unnatak frå den generelle regelen om at utlån og mottatte avdrag skal førstast i investering. Dette heng saman med at sosiale utlån og næringsutlån gjerne er risikoutsett i tydinga at dette kan vera usikre fordringar. Då vil inntekter (tilbakebetalingar) frå desse fordringane verta inntektsførde i drift, men eventuelt førd som tap i drift om fordringa ikkje innfriast. Det er ikkje ynskjeleg at slike usikre inntekter skal vera ein del av inntekter i investering.

REGELVERK

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. § 2-7 regulerer kva utlån som skal bokførast i driftsrekneskapen. Andre utlån skal førstast i investeringsreknskapen.

Mottekne avdrag på vidareutlån kan berre finansiera avdrag på lån eller nye vidareutlån, jf. kommuneloven § 14-17, 2. ledd.

MYNDE TIL Å GJEVA UTLÅN

Rådmannen delegerast mynde til å gjeva utlån innanfor dei råmer som er vedtekne av heradstyret.

Rådmannen delegerast også mynde til sjølv å avgjera om mottekne avdrag på vidareutlån skal nyttast til å finansiera avdrag på lån eller nye vidareutlån.

Reglement for nedskrivning for tap

INNELIING OG BAKGRUNN

Med fordringar meinast her krav på vederlag oppstått som følgje av heradet sitt sal av varer, tenester og anleggsmiddel på kreditt. Kredittsalet inntektsførast når dette er kjend i samsvar med anordningsprinsippet og det balanseførast som kortsiktig fordring (omløpsmiddel). I samsvar med rekneskapsforskrifta § 3-3, 1. ledd skal fordringa nedskrivast til verkeleg verd dersom denne er lågare enn innkjøpskostnad (pålydande). For å finne det sannsynlege eller forventa tapet må ein taka utgangspunkt i det beløp som kan forventast innbetald i tilknytning til ein skilde fordringar. Det må her presiserast at fordringane skal nedskrivast til verkeleg verd (forventa innbetaling) sjølv om heradet ikkje har gjort forsøk på å innfordra kravet. Skilnaden mellom fordringa sin innkjøpskostnad og verkeleg verd må rekneskapsførast i heradet sin løyvingerekneskap for ikkje å bryta die grunnleggjande samanhengane i heradsrekneskapen.

Tap på fordringar i løyvingerekneskapen består av to storleikar:

- 1) Forventa tap
 - skilnad mellom verkeleg verd og pålydande på fordringsmassen
- 2) Estimatendring
 - korreksjon av tidligare talfesta beløp for forventa tap

Dette vil seia at det i heradet sin løyvingerekneskap for ein gjeve rekneskapsperiode vil rekneskapsførast eit forventa tap knytt til fordringsmassen heradet har ved utgangen av perioden, samt estimatendring av tidligare talfesta beløp. Endringar i estimat, dvs. skilnaden mellom eit estimert beløp og tilsvarende estimat i ein tidligare rekneskapsperiode, skal rekneskapsførast i den perioden kor endringa gjennomførast.

Som for urealisert tap for finansielle omløpsmidler fylgjer utgiftsføring av urealisert tap av varsemdprinsippet. Rekneskapsføringa av verdreduksjonen vert å rekna som framskoten måla mot transaksjonstidspunktet.

I høve gjeldande forskrifter for kommunale budsjett og rekneskap skal heradet utarbeida retningslinjer for når fordringar skal kunne avskrivast i balanserekneskapen. Med fordringar forståast her kortsiktige fordringar som t.d. eigeomsavgifter, foreldrebetaling i barnehage og i Sfo, tekniske gebyr, utleige, heimehjelp m.v.

NB! Avskrivningar som nemnd her gjeld ikkje skattar og avgifter som skatteoppkrevjaren innfordrar.

Når det gjeld avskrivning av kortsiktige fordringar, skal belastinga (tapet) førast i den eininga inntekten tidligere er inntektsførd på og på ein eigen utgiftsart.

I omgrepet avskrivning ligg at ein rekneskapsmessig avskriv beløpet, men at innfordringa ikkje avsluttast. Dette ut frå at debitor sin økonomiske situasjon kan endra seg over tid. Fleire av desse sakane vert av den grunn overførde til langtidsovervaking.

Nokre av krava kan og må ein sletta, til dømes ved gjeldsordning gjennom namsretten og der det synast heilt klart at debitor er varig ute av stand til å handtera gjelden. Ved sletting avskrivast beløpet og innfordringa avsluttast. Debitor gjerast kjend med dette.

Føresetnadar for avskrivning

Kortsiktige fordringer

Regulerast av gjeldande budsjett- og rekneskapsforskrifter.

Avskrivningar kan gjennomførast ved kvart kvartalsrekneskap og ved rekneskapsavslutninga kvart år. Om det ikke er budsjettmessig dekning må det gjerast budsjettendring.

Med nemninga «sak» så meinast ei ubetald fordring.

Saker forsøkt innfordra utan resultat

Saker som er forsøkt innfordra utan resultat skal avskrivast. Ved avgjerd om avskrivning skal det synast til tiltak som er gjennomførde. Ut frå skjønn/interne retningslinjer skal det avgjerast om sak skal leggjast til overvaking.

Saker som ender opp med konkurs eller akkord

Når konkurs er opna av skifteretten skal normalt heile beløpet heradet har til gode, avskrivast. Innfordringa av beløpet skal ikkje stansast, men fylgjast opp. Same reglar skal gjelda når akkordforhandlingar innleia.

Rådmannen skal vera heradet sin representant andsynes namsretten når det gjeld kortsiktige fordringar. Kven som representerar avtalast internt i kvar sak.

Saker som er forelda

Så snart ei sak er forelda, skal den avskrivast og slettast. Dersom saken ikkje er forsøkt innfordra skal det redegjerast for årsaken.

Saker under gjeldsordningsloven

I saker kor det er innleia gjeldsforhandlingar ved Namsretten skal avskrivningar skje når forhandlingane er avslutta og orskurd avsaft.

Rådmannen skal vera heradet sin representant overfor namsretten når det gjeld kortsiktige fordringar. Rådmannen har ansvar for å fylgja opp saker i tilfelle mishald eller endring av gjeldsordninga.

Saker der det inngåast avtaler om delvis sletting av gjeld

Primært skal slike avtaler ikkje inngåast før etter at kravet har vore forsøkt innfordra.

Saker som ikkje er forsøkt innfordra - Vurdering/skjønn

Hovudregel er at alle saker skal søkjast innfordra. Saker som vert overlate til skjønn kan lett føra til ulik sakshandsaming.

Rekneskapsforskrifta § 3-3, 1. ledd opnar for å kunna avskriva fordringar i løyvingerekneskapen utan at det er gjennomført tvangsinnfordring. Det skal leggjast eit strengt skjønn til grunn. Døme på avskrivning på dette grunnlag kan vera:

- Det har nylig vorte halde ei utleggsforretning hjå skuldnar med resultat «inkje til utlegg»
- Det har innan ein periode på tre månedar vorte motteke saker frå inkasso med negativt resultat der sakene vart føreslått avskrivne.
- Ved kunnskap om at skuldnar sin økonomi er særst vanskeleg, og at tidligare saker har resultert i sosiallån eller bidrag
- Det er registrert betalingsmerknadar på debitor i løpet av dei siste 6 månadane og krava er fortsatt ikkje gjort opp.

Vedtak om avskriing skal grunngjevast.

Videreutlån

Videreutlån forsøkt innfordra - avskrivning

Mishalde läneterminar skal innfordrast.

Det er eit overordna mål for heradet at låntakarane så langt som råd skal kunna behalda bustadane sine. I de tilfella tvangsinnfordring har vorte forsøkt utan resultat, eller undersøkingar/oppsøk syner at det ikkje er økonomisk handteringsevne verken på kort eller lang sikt, tilråast avskrivning/overvaking.

Videreutlån som ender opp med konkurs, akkord

Når konkurs formelt er opna av skifteretten, skal normalt heile beløpet heradet har tilgode avskrivast. Innfordringa av beløpet skal ikkje stansast, men fylgjast opp.

Videreutlån som er forelda

Straks et lån eller ein restanse er forelda skal den avskrivast og slettast.

Dersom sak ikkje er forsøkt innfordra, skal dette grunngjevast.

Videreutlån under gjeldsordningsloven

I lånesaker der det er innleia gjeldsforhandling ved namsretten, skal avskrivning skje når forhandlingane er avslutta og resultatet er klart.

Rådmannen samordnar og representerar heradet overfor namsretten.

Kommunedirektøren har ansvar for å følge opp saker i tilfelle mislighold eller endring av gjeldsordninga.

Videreutlån i utenomrettslige gjeldsforhandlingar

Utenomrettslige gjeldsforhandlingar fylgjer i det vesentlegaste prinsippa i gjeldsordningsloven. Rådmannen må godtaka høvevis dekning av heradet sitt tilgodehavende eller dividende.

Der dividende godkjennast skal alle kreditorane være omfatta av betalingsordninga.

Tilgodehavende som ikke dekkjast av eit dividendeoppgjer, avskrivast ikkje straks avdi det erfaringsmessig kan koma endringar i slike avtaler. Tilgodehavende førast på «bak-

konto» og skal ikkje rentebereknast. Rådmannen har ansvar for å fylgja opp om avtalen overhaldast.

Når avtalen er overhalde, slettast tilgodehavande som det ikkje er dekning for.

Videreutlån der det inngåast avtaler om delvis sletting av gjeld

Som hovudregel skal slik avtale ikkje inngåast før etter at saken har vært forsøkt innfordra.

Avtale skjer på grunnlag av økonomisk dokumenterte opplysningar og vurderingar, samt saksrelatert kjennskap til lånekunden sitt høve for øvrig.

Avtale om delvis sletting av gjeld skal knytast til at avtalen vert halde. Det beløp som avtalast sletta, avskrivast ikke straks fordi det erfaringsmessig kan koma endringer i slike avtaler. Beløpet først på «bak-konto» og beløpet rentebereknast ikkje.

Rådmannen har ansvar for å fylgja opp om avtalen haldast. Når avtaler er halde, slettast det avtalte beløp.

Videreutlån som ikkje er forsøkt innfordra - Vurdering/skjønn

Hovedregel er at lånesak som er misheldt skal sendes til inkasso.

Det kan likevel avskrivast lån utan føregående inkasso i visse typer saker der økonomisk status og prognose er synliggjorte. Det skal leggjast strengt skjønn til grunn ved avskriving på dette grunnlaget.

Unntak for beløpsavgrensinga er saker der:

- låntakar har emigrert
- låntakar er daud
- det vurderast naudsynt at låntakar får bu i bustaden, t.d. grunna funksjonshemming

Sosiallån

Hovudregel er at sakene sendast til innfordring for vurdering om inndriving eller avskriving.

Reglar for saker som kan avskrivast før tyngre innfordring iverksetjast

Avskriving kan skje:

- I samanheng med forhandlingar ved utenomrettslege gjeldsforhandlingar
- Låntaker er varig ute av stand til å betena lånet
- Når sosiale vurderingar i høve lov om sosiale tjenester tilseier dette
- Saker under gjeldsordningsloven der namsretten har kunngjort ein orskurd
- Avtaler med skuldner om delvis sletting av gjeld
- Andre saker der tyngre innfordring er forsøkt.

Reglar for saker som kan avskrivast etter innfordring

Avskriving kan skje:

- Etter same reglar som for dei fire fyrste prikkpunkta over

- Det kan inngåas nedbetalingsavtaler med låntakar. Haldast ikkje avtalene forfaller heile lånet til betaling. Det vurderast om det er grunnlag for å gjennomføra ei dekning av kravet gjennom namsmannen. Om dette ikkje er tilfelle må heile lånebeløpet avskrivast

REGELVERK

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. § 3-2, 1. ledd og § 3-3, 1. ledd regulerar nedskrivningsplikta (tap på utlån/fordringar klassifisert som anleggsmiddel og omløpsmiddel.

MYNDE TIL Å GJENNOMFØRA NEDSKRIVING FOR TAP

Rådmannen delegerast mynde til:

Kortsiktige fordringer:

Område	Delegasjon
Saker som er stadfesta som umogleg å driva inn - Forsøkt innfordra/tvangsinndrive	Rådmannen.
Saker som ender opp med konkurs/Akkord	Konkurs: Rådmannen Akkord: Rådmannen har fullmakt til delvis avskrivning av kravet.
Saker som er forelda	Rådmannen. Dokumentasjon av årsak til forelding.
Saker under Gjeldsordningsloven	Rådmannen.
Saker hvor det inngåast avtale om delvis sletting av gjelden	Rådmannen.
Saker der tvangsinnfordring ikkje er gjennomført - Rådmannen si/sitt vurdering/skjønn	Hovudregel er at alle krav skal innfordrast. Rådmannen gjevast fullmakt til å avskriva.

Det vurderes avskrivninger minimum en gang pr år, og foretatte avskrivninger rapporteres.

Videreutlån:

Område	Delegasjon
Saker som er stadfesta som umogleg å driva inn - Forsøkt innfordra/tvangsinndrive	Rådmannen avskriv.
Saker som er forelda	Rådmannen
Saker under Gjeldsordningsloven	Samordnast med bustadkontoret. Avskrivast av rådmannen.
Utenomrettslige gjeldsforhandlingar	Samordnast med bustadkontoret. Avskrivast av rådmannen.
Saker hvor det inngåast avtale om delvis sletting av gjelden	Samordnast med bustadkontoret. Avskrivast av rådmannen.
Saker der tvangsinnfordring	Avskrives av rådmannen

ikkje er gjennomført - Rådmannen si/sitt vurdering/skjønn	
---	--

Ettergiving av påløpte renter og gebyr i samanheng med innfordringa fylgjer reglane for kortsiktige fordringar.

Det vurderast avskrivningar minimum ein gong pr år, og utførde avskrivningar rapporterast. Alle delegasjonar i tabellen er videredelegert til økonomisjefen.

Sosiallån:

Rådmannen har ansvar for følgende:

- Avskrivning av lån
- Avtale om nye avbetalingsordningar

Ettergiving av påløpte renter og gebyr i tilknytning med innfordring fylgjer reglane for kortsiktige fordringar.

Det vurderast avskrivningar minimum ein gong pr år, og utførde avskrivningar rapporterast.

Reglement for disponeringsfullmakten

INNLEIING OG BAKGRUNN

Med disponeringsfullmakt meiarst mynde til å disponera løyvingane i årsbudsjettet.

Rådmannen har disponeringsfullmakt berre innanfor det heradstyret har vedteke.

Disponeringsfullmakta omfattar soleis ikkje mynde til å gjera innkjøp eller utsteda utbetalingsordre utover det som fylgjer av årsbudsjettet. Disponeringsfullmakta knyt seg berre til bruk av løyvde middel. Til dømes vil sal av formueverd falla utanfor disponeringsfullmakta fastsett med lov.

I tilfelle der heradstyret har gjeve underordna kollegiale (følkevalde) organ fullmakt til å gjeva nærare fordelingar og føringar for bruken av løyvingane (fordelingsfullmakt), vil disponeringsfullmakta også vera avgrensa av dette.

Føresegnet er ikkje til hinder for at heradstyret kan gjeva disponeringsfullmakt til andre enn rådmannen.

REGELVERK

Myndet til å disponera løyvingane som er førde opp i årsbudsjettet (disponeringsfullmakta) ligg som utgangspunkt til rådmannen i høve kommuneloven § 14-5, 1. ledd, 1. punktum. Dette fylgjer av rådmannen sin iverksetjingsplikt i kommuneloven § 13-1, 4. ledd, 1. punktum.

Heradstyret kan gjeva disponeringsfullmakt til andre enn rådmannen.

Disponeringsfullmakten gir ikke myndighet til å foreta anskaffelser og utstede utbetalingsordre utover det som følger av årsbudsjettet. I tilfeller der kommunestyret eller fylkestinget har gitt underordnete kollegiale organer myndighet til å gi nærmere fordelinger og føringar for bruken av bevilgningene (fordelingsfullmakt), vil disponeringsfullmakten også være begrenset av dette.

Etter kommuneloven § 14-5, 1. ledd, 1. punktum vil ei løyving i driftsbudsjettet berre kunne nyttast til driftsføremål. Men 2. punktum opnar likevel for at heradstyret kan gjeva underordna organ mynde til å avgjera at delar av ei løyving i driftsbudsjettet skal overførast og nyttast til å finansiera utgifter som skal førast i investeringsrekneskapen. Difor må det organ som har disponeringsfullmakta, vanlegvis rådmannen, redusera driftsløyvinga og auka overføringsløyvinga til investeringsrekneskapen. I tillegg må investeringsløyvinga aukast og også auka overføringsløyvinga frå driftsrekneskapen.

Etter kommuneloven § 14-5, 1. ledd, 3. punktum er budsjettet likevel ikkje bindande for betalingsløyvingar der det ligg føre ein rettslig utbetalingsplikt for heradet. Slike utbetalningar kan gjerast uten løyving i årsbudsjettet.

MYNDE TIL Å DISPONERA LØYVINGANE I ÅRSBUDSJETTET

Rådmannen delegerast mynde til å disponera dei løyvde midla innanfor dei rāmene som heradstyret har vedteke. Delegeringa inneber også moglegeit til å nytta

driftsmiddel til investeringsformål ved at driftsløyvinga reduserast og at overføringsløyvinga til investeringsrekneskapen aukast. I tillegg må investeringsløyvinga aukast og også auka overføringsløyvinga frå driftsrekneskapen.

Driftsbudsjettet:

- Formannskapet har mynde til å løyva inntil kr. 100.000 frå disposisjonsfondet
- Faste utval har mynde til å omdisponera løyvingar innanfor sitt ansvarsområde mellom verksemdsområde inntil nivået på dei samla verksemdsområda, samt fri moglegheit til å omdisponera mellom tenester innan eit verksemdsområde.
- Styret for kommunale føretak har mynde til fritt å omdisponera middel mellom budsjettføremål innanfor føretaket si budsjetttråme.
- Rådmannen har mynde til å omdisponera løyvingar innan eit programområde, både på utgiftssida og inntektssida.
- Styret for kommunale føretak kan delegera mynde til direktøren til å omdisponera løyvingar innan et budsjettføremål, både på utgiftssida og inntektssida.

Investeringsbudsjettet:

- Formannskapet får fullmakt til å løyva inntil kr. 100.000 frå disposisjonsfond og overføring av dette frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen. Det gjevast også fullmakt til å løyva inntil kr. 100.000 frå ubunde investeringsfond, så lenge det løyvde beløpet av investeringsfond og disposisjonsfond til saman ikkje overstig kr. 100.000.
- Faste utvalg får fullmakt til å omdisponere mellom verksemdsområde og/eller prosjekt innanfor sitt programområde inntil eit nivå avgrensa av tildelt budsjetttramma for verksemdsområdet, under forutsetning av at rammene og finansieringsplanen holdes.
- Styret for kommunale føretak har mynde til fritt å omdisponera middel mellom budsjettformål og/eller prosjekt innanfor føretaket si budsjetttråme og å føretaka budsjettjusteringar mellom driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet.
- For næringsdrivande kommunale føretak som fylgjer rekneskapsloven, skal inntekter frå sal av anleggsmiddel (varige driftsmiddel, utlån, aksjar og delar)nyttast til kapitalføremål. Vinst og tap ved slik avhening skal først i resultatbudsjettet/-rekneskapen.
- Rådmannen og direktøren for føretaket (etter mynde fra styret) får fullmakt til å føretaka budsjettjusteringar innan eit prosjekt under føresetnad av at rammene og finansieringsplanen vert halde.

Reglement for avsetjing til og bruk av disposisjonsfond

INNLEIING OG BAKGRUNN

Heradstyret kan gjeva underordna organ delegert mynde til å avsetja til og bruka av disposisjonsfond innanfor ramma av dei einskilde løyvingar. Slik avsetjing og bruk kjem i tillegg til avsetjing og bruk som heradstyret sjølv har budsjettert og vil ikkje framkoma av årsbudsjettet, men inngå i dei einskilde budsjettrammane.

Førmålet med delegasjonsfullmakta er å kunna lønna verksemder med innsparingar til å få sett desse midla til side til seinare bruk, samtidig som verksemder med overskridingar må dekkja dette gjennom bruk av tidligare avsetjingar. Er det ikkje middel på disposisjonsfondet, vil overskridingar resultera i eit meirforbruk totalt sett, og strykingsreglane kjem til bruk.

Om sum løyvingar drift netto i løyvingsoversikt driftsrekneskap i årsbudsjettet (kommuneloven § 5-4, 1. ledd, post 6) må reknast som bindande, vil dermed måtte koma av korleis budsjetttvedtaket for øvrig er utforma, og kva fullmakter som heradstyret har gjeve underordna organ. Om eit underordna organ til dømes har fått fullmakt til å nytta av fond for å finansiera auka utgifter, vil dette som skildra over, ikkje vera ein del av årsbudsjettet, men i rekneskapen (alt annet like) slå ut i eit lågare netto driftsresultat enn det som låg i årsbudsjettet.

REGELVERK

Føresegnet om at årsbudsjettet er bindende for underordna organer er teke inn i kommuneloven § 14-5, 1. ledd, 1. punktum. Dette inneber at løyvingane i årsbudsjettet ikkje kan fråvikast av underordna organ. Departementet legg samtidig til grunn at løyvingane fortsatt kan utformast slik at dei inneber fullmakt for underordna organ til å avsetja til eller bruke av fond, utover dei beløpa som kjem fram av årsbudsjettet. Dette vil for til dømes kunne vera tilfellet ved nettoløyvingar, der heradstyret kan gjeva adgang til å finansiera utgifter med bruk av fond utover beløpet som er fastsett i budsjetttvedtaket.

MYNDE TIL Å DISPONERA LØYVINGANE I ÅRSBUDSJETTET

Rådmannen delegerast mynde til å avsetja til og bruka av disposisjonsfond innanfor ramma av dei einskilda løyvingar. Ved avsetjing etter innsparingar nyttast fylgjande prioriteringar:

Innsparingstyper:

- a. Effektiviserings- og produktivitetstiltak i samarbeid med dei tilsette
- b. Reduserte kostnader innan kommunane sine kjøp av varer og tenester etter interne tiltak
- c. Innsparingar som følgje av eksterne faktorar

Fordelingsvis

Innsparingar etter punkt a. vert som hovudregel fordelt slik:

- 1/3 til investering
- 1/3 til velferdstiltak for tilsette
- 1/3 til andre avsetjingar

Innsparingar etter punkt b. vert som hovudregel fordelt slik:

1/3 til betring av standard på område der innsparinga er gjort

2/3 til nærmare prioriteringar i formannskapet

Innsparingar etter punkt c. vert som hovudregel fordelt slik:

Heile beløpet til nærare prioritering i formannskapet

Heradet sin bereidskapsplan gjev føringar for delegeringsmynde og grenser for denne som gjevast i krisesituasjonar, og definisjoner for desse.

Reglement for strykingar

INNLEIING OG BAKGRUNN

Ved rekneskapsavslutninga skal det gjennomførast strykingar i driftsregnskapen dersom eit foreløpig rekneskap syner meirforbruk, og tilsvarende skal det gjennomførast strykingar av disposisjonar i investeringsrekneskapen dersom den foreløpige rekneskapen syner udekkja. Desse forskriftsbaserte reglane vil overstyra budsjettvedtak for dei postane som påvirkast.

REGELVERK

Strykingsreglene er tekne inn i Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. i kapittel 4.

Forskrifta inneheld ikkje uttømmenda regler om i kva rekkjefylgje strykingar skal utførast. Der forskrifta opnar for dette, må rekkefylgja regulerast nærare i eit internt reglement.

Så lenge meirforbruket er så stort at alle disposisjonane må strykast, er dette ein rein teknisk operasjon. Difor gjerast dette i tilknytning med rekneskapsavslutninga med heimel i budsjett- og regnskapsforskrifta (forskrifta krev at disposisjonar revurderast).

Dersom strykingane inneber at berre overføringa til investeringsregnskapet vert stryke (heilt eller delvis), er også dette ein rein teknisk operasjon.

Dersom strykinga delvis påverker overføring til investeringsrekneskapen vedteke av underordna organ, kan det vera ei vurdering av kva overføringar som skal gjennomførast, og kva som ikkje skal gjennomførast. Slike tilfelle må regulerast i eit reglement.

Det er også føremålstenleg at eit reglement gjev nærare retningslinjer for korleis delvis stryking av avsetjing til disposisjonsfondet skal handterast.

KOMPETANSE TIL Å GJENNOMFØRE STRYKINGAR

Rådmannen delegerast mynde til å gjennomføra strykingar etter kapittel 4 i forskrifta.

Ved delvise strykingar delegerast rådmannen mynde til sjølv å avgjera rekkjefylgjen innanfor føresegna i kapittel 4 i forskriftea. Posten for overføring til investering reduserast om det er naudsynt for å unngå at overføringa fører til avsetjing av løpande inntekter på investeringsfond. Blant anna er dette aktuelt om investeringsrekneskapen syner eit (foreløpig) udisponert beløp, og det dermed er spørsmål om kva finansieringskjelde, dømevis bruk av lån eller bruk av ubunde investeringsfond, som skal reduserast fyrst.

Overføringsposten kan bestå av overføring gjort av eit underordna organ. Dersom denne strykast og strykinga fører til eit udekkja beløp i investeringsrekneskapen, inneber forslaget at det er organet med budsjettmyndet som må avgjera korleis inndekkjinga skal skje.

Reglement for finansiering av investeringar

INNLEIING OG BAKGRUNN

Med unntak av øremerka middel, er alle middel i investeringsrekneskapen frie middel til felles finansiering av investeringsrekneskapen. Frie middel i investeringsrekneskapen skal ikke knytast til einskildprosjekt ved rekneskapsavslutninga, sjølv om særskilte inntekter i årsbudsjettet på eit anna vis kan være tiltenkt einskildprosjekt.

Øremerka middel er middel som er reservert til særskilte føremål i høve lov, forskrift eller avtale med gjevar. Unytta øremerka middel inngår ikkje i dei felles frie midla, men må avsetjast til bunde investeringsfond.

Unytta øremerka lån bør merkast særskilt på memoriakonto for unytta lånemiddel.

Intern tilføring av frie middel som finansiering av særskilte prosjekt etter vedtak i heradet, kan ikkje reknast som øremerka middel. Det er ikkje gjeve reglar om at den einskilde investeringsråme eller det einskilde investeringsprosjekt skal detaljfinansierast etter ulike finansieringskjelder, eller at heradstyret skal taka stilling til nærare finansiering av einskildprosjekt. Tvert imot er alle frie middel felles finansiering av alle investeringsprosjekt, uten å fordela finansieringskjeldene på einskildprosjekt. Det er heller ikkje behov for å knyta unytta lånemiddel til konkrete prosjekt. Dersom ein skulle ynskja å fordela finansiering på einskildprosjekt, vil dette medføra praktiske utfordringar som fylgje av kravet om å overføra budsjettet, ikkje-disponert bruk av fond, eller lånemiddel til prosjekt som har manglande finansiell dekning.

Finansieringa av investeringsrekneskapen skal i utgangspunktet fylgja budsjettet. Så lenge investeringsrekneskapen har behov for det, skal desse postane inntektsførast i høve budsjett, men ikkje over budsjett. Dette gjeld sjølv om finansieringa i utgangspunktet, og etter interne føremål, har vore knytt til eit særskilt investeringsprosjekt, som har innsparingar eller som likevel ikkje har utgiftar i år.

I praksis vil det være føremålstenleg fyrst å starta med finansiering av investeringsrekneskapen i høve budsjettvedtak, men berre opp til det nivået rekneskapen har behov for.

Dersom rekneskapen framleis har behov for auka finansiering, må avsetjing til ubunde investeringsfond reduserast jmf. strykingsreglane, som er tekne inn i dette reglementet.

Investeringsrekneskapen har fylgjande finansieringskjelder:

- Kompensasjon for meirverdsavgift knytt til investeringar i varige driftsmiddel
- Tilskot frå andre som er øymerka investeringar
- Inntekter frå sal av varige driftsmiddel
- Inntekter fra sal av finansielle anleggsmiddel, med unntak av den inntektsdelen som etter forskrifta § 2-9 skal førast i drift

- Inntekter frå utdeling frå selskap, jf. forskrifta § 2-8 andre ledd
- Mottekne avdrag på utlån av egne middel
- Bruk av lån, jf. forskrifta § 2-6.

Årets investeringsinntekter, tilskot og sal av anleggsmiddel m.m., skal inntektsførast uavhengig av utgiftsbehovet i investeringsrekneskapen. Det er anordningsprinsippet som er styrande for inntektsføring av slike inntekter.

Bruk av bunde fond er bruk av middel reservert for særskilte føremål. I nokre tilfelle er også bruk av lån øymerka særskilte føremål ("øymerka lån"). I desse tilfella må derfor inntektene knytast til einskildtprosjekt. Bundne middel skal nyttast til sine øymerka føremål, uavhengig av budsjettet for bruk av fond.

Finansieringa i punkta i oppstillinga over er frie "inntekter" i investeringsrekneskapen, og skal ikkje tilførast einskildtprosjekt ved årsavslutninga. Årets budsjett set ei øvre grense for inntektsføring av denne finansieringa. Desse postane skal heller ikkje inntektsførast med meir enn det som er naudsynt i investeringsrekneskapen.

Det tilråast ikkje her kva finansieringskjelde som bør nyttast først og sist av desse fire alternativa. Det er opp til det einskilde herad (eller heradstyre) å avgjera rekkjefølgja mellom finansieringskjeldene. Det tilråast at heradet tek stilling til dette på generelt grunnlag, uavhengig av det einskilde årsoppgjæret.

Overføring til investering skal reduserast om dette må til for å unngå avsetjingar av løpande inntekter på investeringsfond.

REGELVERK

Obligatoriske oppstillingar og opplysningar i økonomiplanen, årsbudsjettet og årsregnskapet er teke inn i Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. i kapittel 5.

Løyvingsoversikter investering framgår av § 5-5.

I rettleiaren til budsjett- og regnskapsforskrifta § 5-5, 1. ledd må alle frie inntekter frå post 7 til og med post 13 reknast som felles finansiering av investeringsrekneskapen under årsavslutninga sjølv om visse inntekter knytast til særskilte investeringar i oppstillinga etter § 5-5, 2. ledd.

Post 6 i løyvingsoversikta investering § 5-5, 1. ledd er summen av investeringsutgiftene på post 1 til 5.

Dei ulike typane inntekter skal angjevast (brutto) på postane 7 til 13.

- Post 7 omfattar kompensasjon for meirverdsavgift knytt til investeringar i varige driftsmiddel
- Post 8 omfattar tilskot frå andre som er øymerkt investeringar
- Post 9 skal syna inntekter frå sal av varige driftsmiddel
- Post 10 skal syna inntekter frå sal av finansielle anleggsmiddel, med unnatak av den inntektsdelen som etter forskrifta § 2-9 skal førast i drift
- Post 11 omfattar inntekter frå utdeling frå selskap, jf. forskrifta § 2-8 andre ledd

- Post 12 er mottekne avdrag på utlån av egne middel
- Post 13 gjeld bruk av lån, jf. forskrifta § 2-6

Dette er ikkje til hinder for at investeringar løyvast netto og at inntekter i så fall takast med i oppstillinga etter andre ledd. Dersom det gjevast nettoløyvingar, må dei ulike inntektene og utgiftene likevel synast brutto i oppstillinga etter fyrste ledd.

I KOSTRA-retteleiarar for 2020 presiserast det i skildringane av artane 429 og 729 at meirverdsavgiftskompensasjon for innkjøp i investeringsrekneskapen skal nyttast til felles finansiering av investeringar i bygg, anlegg og andre varige driftsmiddel.

MYNDE TIL Å GJENNOMFØRA FINANSIERING AV INVESTERINGAR

Rådmannen delegerast mynde til å finansiera investeringane etter kapittel 5 i forskrifta.

Rådmannen delegerast mynde til sjølv å avgjera rekkjefylgja mellom finansieringskjeldene frå post 7 til og med post 13 i forskrifta § 5-5, 1. ledd. Men merk at meirverdsavgiftskompensasjon for innkjøp i investeringsrekneskapen skal nyttast til felles finansiering av investeringar i bygg, anlegg og andre varige driftsmiddel.

Reglement for låneopptak

INNLEIING OG BAKGRUNN

I kommuneloven tydeliggjerast det at kommuner ikkje kan inngå avtaler som inneber vesentleg finansiell risiko. Forbodet gjeld i prinsippet også låneavtaler.

Sjølv om låneavtalene i seg sjølve normalt ikkje vil utgjera vesentleg finansiell risiko, kan vesentleg finansiell risiko likevel oppstå på porteføljebasis dersom det er store låneforfall innanfor ein kort periode.

Det er difor viktig at det ved behov etablerast rårer for maks. forfall av lån innanfor 12 mnd.

I tillegg bør kvar einskild kommunegjera egne vurderingar rundt finansiell og økonomisk risiko i utlånsporteføljen og korleis betalingsforpliktingar ved forfall skal inndekkjast. Moment som bør gjerast greie for i ei slik vurdering vil til dømes vera kommunen sin likviditet, fondsbeholdning og generell økonomisk berekraft.

Før kommunar inngår avtaler, skal dei dokumentera overfor avtaleparten at avtalen ikkje inneber vesentleg finansiell risiko.

I forarbeida til kommuneloven (NOU 2016:4) er omgrepet vesentleg finansiell risiko nærare omtala (side 257). Under fylgjer nokre sitat frå loven som kan vera til hjelp når heradet sjølv skal vurdere vesentleg finansiell risiko.

«Lovens begrep finansiell risiko er ment å dekke alle former for finansiell risiko, så som kredittrisiko, kursrisiko, renterisiko, likviditetsrisiko og så vidare.»

«Utvalget legger til grunn at vurderingen av om det foreligger vesentlig finansiell risiko, må baseres på den enkelte kommunes økonomiske stilling. Vurderingen må gjøres i lys av at finans- og gjeldsforvaltningen skal sikre det økonomiske grunnlaget for å ivareta kommunenes oppgaver, og i lys av at kommuner til enhver tid må være i stand til å kunne dekke sine betalingsforpliktelser.»

«Vurderingen av om det foreligger vesentlig finansiell risiko, kan rette seg både mot kommunens samlede portefølje og mot enkelte disposisjoner.»

«Hvis porteføljen er satt sammen av enkeltdisposisjoner som i sum må anses å utgjøre vesentlig finansiell risiko, vil porteføljen måtte anses å være i strid med loven.»

«Eksempelvis vil en rentebytteavtale koblet mot underliggende lån kunne være en fornuftig måte å sikre renten på.

Eksempelvis vil en rentebytteavtale alene måtte anses som et rent veddemål om renteutviklingen.»

«Utvalget vil understreke at kommunene ikke bare er utsatt for risiko på aktivasisiden. Også gjeldsforvaltningen kan innrettes slik at det oppstår risiko som må håndteres. Et eksempel på dette er bruk av kortsiktige lån ved finansiering av langsiktige investeringer.»

For å kunna betala ut eit lån må låneførespurnaden vera basert på eit gyldig vedtak. Dokumentasjonskrav avheng av kva kundegruppe som søker.

Kommunar

Nye lån:

- Vedtak om låneopptak, kor maksimalt lånebeløp må angjevast
- Vedtaket må innehalde ei kopling til føremål (til dømes § 14-15 første ledd)
- Fylkesmannens godkjenning av låneopptak for kommunar på ROBEK

Samla lånebeløp for året må vedtakast i budsjettvedtaket og det skal dokumenterast kva føremål lånet skal nyttast til. Dette kan enkelt løysast ved å syna til aktuell paragraf i lånevedtaket, som i dei fleste tilfelle vil vera §14-15 fyrste ledd, varige driftsmiddel.

Kommunane får plikt til å dokumentera lovlegheita av eit låneopptak. For å kunne gjeva eit lån må långjevar kontrollera denne dokumentasjonen.

Nytt låneopptak skal ikke utgjera nokon vesentleg finansiell risiko og dette må kommunen kunna dokumentera.

Døme på rett vedtak:

Ulvik herad tek opp 100 millioner kroner i lån til finansiering av investeringar jf. kommunelovens § 14-15 fyrste ledd.

For refinansiering:

Eitt av fylgjande dokument:

- Opprinneleg lånevedtak
- Vedtak om refinansiering
- Revisorstadfesting om at det føreligg gyldig vedtak om låneopptak
- Oversikt over uteståande låneportefølje, framlagt heradstyret som ein del av finansrapporteringa
- Avrekningsoppgåve

Øvrige dokument:

Banken vil nok ha sist vedtekne/gjeldande:

- Finansreglement*
- Ved sertifikatlån må det vera opna for produktet og angjeve ei råde (t.d. maks del forfall neste 12 månedar)
- Delegeringsreglement
- Fullmakter

*Sjølv om ny forskrift ikkje lenger regulerer kor ofte eit finansreglement skal reviderast, tilråast det at nytt heradstyre får saken til handsaming for sjølv å kunna gjera si vurdering av finansforvaltninga.

Kommunale føretak

Som for kommunane med tillegg av vedtekter eller selskapsavtale.

Interkommunale selskap

- Styrevedtak om låneopptak
- Representantskapsvedtak om låneopptak
- Selskapsavtale eller vedtekter
- Rekneskap og budsjett
- Fylkesmannens godkjenning av låneopptak dersom nokre av eigarkommunane er på ROBEK
- Ved refinansiering trengs eitt av fylgjande dokument:
 - Opprinneleg vedtak
 - Vedtak om refinansiering
 - Revisorstadfesting om at det føreligg gyldig vedtak om låneopptak

Kyrkjeleg fellesråd eller meinigheitsråd

- Departementet si godkjenning av oppføring, ombygging, utviding av kyrker og tomt til kyrker
- Kyrkjeleg fellesråd eller meinigheitsrådet sitt vedtak om låneopptak
- Bispedømmerådet si godkjenning av lånevedtaket
- Heradstyret sitt vedtak om garanti
- Fylkesmannen si godkjenning av garantien

REGELVERK

Finansreglementet skal i høve kommuneloven § 14-13, 1. ledd innehalde føresegn som hindrar heradet i å taka ein vesentlig finansiell risiko i finans- og gjeldsforvaltninga, og som sikrar at løpande betalingsforpliktingar kan innfriast ved forfall.

Etter kommuneloven § 14-1, 3. ledd skal heradet innretta si økonomiforvaltning slik at heradet kan dekkja sine betalingsforpliktingar ved forfall, herunder betalingsforpliktingar som oppstår ved at lån utan avdrag forfell og må refinansierast.

MYNDE TIL Å TAKA OPP LÅN

Rådmannen delegerast mynde til å effektuera låneopptak i høve vedtak i heradstyret (inkluderer å inngå finansielle leigeavtaler og driftskreditt), og leggja ved den naudsynte dokumentasjon som bankar og kredittinstitusjonar krev i høve kommuneloven. Delegeringa må gjerast innanfor dei råmer som kommuneloven § 14-1, 3. ledd og § 14-13, 1. ledd set.

Rådmannen delegerast også mynde til å refinansiera lån.

Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga (finansreglement)

INNLEIING OG BAKGRUNN

Alle kommunar skal utarbeide reglar for finans- og gjeldsforvaltninga (finansreglement). Finansreglementet skal ivareta grunnprinsippet i kommuneloven sitt formålsføresegn om å leggja forholda til rette for ei tillitsskapande forvaltning som byggjer på ein høg etisk standard og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene.

Det er heradstyret sjølv som skal fastsetja reglar for finansforvaltninga (finansreglement).

Kommuneloven set tre forbod. Det fyrste er det generelle forbodet mot å taka vesentleg finansiell risiko, og under omsyn til at heradet skal ha middel til å dekkja sine løpande betalingsforpliktingar ved forfall og sikra stor grad av føreseielegheit i heradet si finansielle stilling. Det skal baserast på heradet sin eigen kunnskap om finans. Det andre er å oppnå tilfredsstillande avkastning. Det tredje er plikta til å utarbeida finansreglement. Desse råmene legg til rette for at forvaltninga kan skje på eit tenleg vis ut frå lokale behov, under føresetnad av at dette gjerast forsvarleg. Plikta til å utarbeida eit finansreglement plasserer også ansvaret for forvaltninga tydeleg hjå heradstyret sjølve. I dette ligg det, mellom anna, at heradstyret må taka stilling til kva som vil vera ei tilfredsstillande avkastning utan at ein tek på seg vesentleg risiko, og eit ansvar for å fylgja opp forvaltninga av finansielle middel og gjeld. Desse generelle krava er viktige for å kunna byggja opp under at kommunane har et medvite forhold til risiko og eigarskap til eiga finans- gjeldsforvaltning. Slike generelle krav til forvaltninga er for øvrig på linje med andre reglar på økonomiområdet, kor det også er lagt til grunn at det må gjerast lokale vurderingar av risiko og forsvarlegheit. Reglane om finansforvaltning, herunder kva finansreglementet skal omfatta, avgrensast til det som gjeld forvaltninga av langsiktige og kortsiktige finansielle middel/likviditet og gjeld.

Lånte middel skal over tid gjeva lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, omsynete behov for føreseielegheit i lånekostnadar.

Forbodet mot å inngå avtaler som inneber vesentleg finansiell risiko gjeld i prinsippet også låneavtaler. Alminnelege låneavtaler har ikkje finansielle eigenskapar som tilseier at dei i seg sjølve utgjer vesentleg finansiell risiko. Sjølv om låneavtalene i seg sjølve normalt ikkje vil utgjera vesentleg finansiell risiko, kan vesentleg finansiell risiko likevel oppstå på porteføljebasis dersom det er store låneforfall innanfor ein kort periode. Etter kommuneloven skal heradet innretta sin økonomiforvaltning slik at heradet kan dekkja sine betalingsforpliktingar ved forfall, herunder betalingsforpliktingar som oppstår ved at lån uten avdrag forfell og må refinansierast.

Det er difor viktig at det ved behov etablerast rårer for maks. forfall av lån innanfor 12 mnd.

I tillegg bør kvar einskild kommune gjera eigne vurderingar rundt finansiell og økonomisk risiko i utlånsporteføljen og korleis betalingsforpliktingar ved forfall skal

inndekkjast. Moment som bør gjerast greie for i ei slik vurdering vil til dømes vera kommunen sin likviditet, fondsbeholdning og generell økonomisk berekraft.

Før kommunar inngår avtaler, skal dei dokumentera overfor avtaleparten at avtalen ikkje inneber vesentleg finansiell risiko.

I forarbeida til kommuneloven (NOU 2016:4) er omgrepet vesentleg finansiell risiko nærare omtala (side 257). Under fylgjer nokre sitat frå loven som kan vera til hjelp når heradet sjølv skal vurderer vesentleg finansiell risiko.

«Lovens begrep finansiell risiko er ment å dekke alle former for finansiell risiko, så som kredittrisiko, kursrisiko, renterisiko, likviditetsrisiko og så vidare.»

«Utvalget legger til grunn at vurderingen av om det foreligger vesentlig finansiell risiko, må baseres på den enkelte kommunes økonomiske stilling. Vurderingen må gjøres i lys av at finans- og gjeldsforvaltningen skal sikre det økonomiske grunnlaget for å ivareta kommunenes oppgaver, og i lys av at kommuner til enhver tid må være i stand til å kunne dekke sine betalingsforpliktelser.»

«Vurderingen av om det foreligger vesentlig finansiell risiko, kan rette seg både mot kommunens samlede portefølje og mot enkelte disposisjoner.»

«Hvis porteføljen er satt sammen av enkeltdisposisjoner som i sum må anses å utgjøre vesentlig finansiell risiko, vil porteføljen måtte anses å være i strid med loven.»

«Eksempelvis vil en rentebytteavtale koblet mot underliggende lån kunne være en fornuftig måte å sikre renten på. Eksempelvis vil en rentebytteavtale alene måtte anses som et rent veddemål om renteutviklingen.»

«Utvalget vil understreke at kommunene ikke bare er utsatt for risiko på aktivasisiden. Også gjeldsforvaltningen kan innrettes slik at det oppstår risiko som må håndteres. Et eksempel på dette er bruk av kortsiktige lån ved finansiering av langsiktige investeringer.»

REGELVERK

Føresegn om at kommunene skal forvalta finansielle middel og gjeld på eit vis som ikkje inneber vesentleg finansiell risiko, mellom anna slik at betalingsforpliktingar kan innfriast ved forfall, er tekne inn i kommunelovens § 14-1, 3. ledd.

Iflg. kommunelovens § 14-2, e) skal heradet ha eit finansreglement (reglar for finans- og gjeldsforvaltningen).

Kommuneloven § 14-13 angjev føresegn om finansforvaltninga, rapportering og dokumentasjonskrav mot avtaleparten. Finansreglementet skal innehalde føresegn som hindrar heradet i å taka vesentleg finansiell risiko i finans- og gjeldsforvaltninga, og som sikrar at løpande betalingsforpliktingar kan innfriast ved forfall jf. kommuneloven § 14-13. Utover dette er det viktig at eit reglement tilpassast den

kompetanse og den ressursbruk som det vurderast tenleg for ein kommune å nytta på finans- og gjeldsforvaltinga.

Forskrift 18.11.19 nr. 1520 om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner kapittel 2 set krav:

- til innhaldet i finansreglementet
- om kvalitetssikring av finansreglementet og rutinane for finans- og gjeldsforvaltinga
- til innhaldet i rådmannen sine rapportar til heradstyret

MYNDE TIL Å FORVALTA HERADET SINE FINANSAR OG GJELD

1. Føremålet med forvaltinga

Finansreglementet skal ivareta grunnprinsippet i kommuneloven sitt føremålsføresegn om å leggja forholdene til rette for ei tillitsskapende forvaltning som byggjer på en høy etisk standard og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressane.

Heradet skal forvalta sine middel slik at tilfredsstillande avkasting kan oppnåast, utan at det inneber vesentleg finansiell risiko, og under omsyn til at heradet skal ha midler til å dekke sine løpende betalingsforpliktingar ved forfall og sikra stor grad av føreseielegheit i heradet si finansielle stilling. Tilfredsstillande avkasting vert nærare definert i punkt 3.

Finansreglementet skal innehalde føresegn som hindrar heradet i å taka vesentleg finansiell risiko i sin finansforvaltning, og det skal baserast på heradet sin eigen kunnskap om finans.

Lånemiddel skal over tid gjeva lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, omsynete behov for føreseielegheit i lånekostnader.

1.1 Forvaltning og forvaltningstyper

I samsvar med føresegna i forskrifta om kommuners og fylkeskommuners finans- og gjeldsforvaltning skal reglementet omfatta forvaltningen av alle heradet sine finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (renteberande gjeld). Gjennom dette finans- og gjeldsreglementet er det vedteke målsettingar, strategiar og råmer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre middel meint for driftsføremål
- Forvaltning av heradet si gjeldsportefølje og sine øvrige finansieringsavtaler
- Plassering og forvaltning av heradet sine langsiktige finansielle aktiva
- Forvaltning av ledig likviditet (punkt 2), langsiktige finansielle aktiva (punkt 3) og/eller gjeldsportefølje (punkt 4) kan setjast bort til eksterne forvaltarar som har relevante konsesjonar fra Finanstilsynet eller annan tilsvarande offentleg mynde.

Heradet sine aksjar og ansvarlege lån i ulike selskap som er næringspolitisk eller samfunnsmessig motivert (selskapa framgår i heradet si eigarskapsmelding) omfattast

ikkje av dette finansreglementet då investeringane og eigarskapa ikke er finansielt motiverte.

1.2 Generelle råmer og avgrensingar

Heradet si finansportefølje skal forvaltast som ein heilskap kor ein søker å oppnå lågast moglege netto finansutgifter over tid og høgast mogleg avkastning med ein akseptabel risiko. I avvegning mellom lågast moglege netto finansutgifter og redusert risiko skal redusert risiko velast.

- Heradstyret skal sjølve, gjennom fastsetjing av dette finans- og gjeldsreglement, taka stilling til kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentleg finansiell risiko
- Reglementet skal baserast på heradet sin eigen kunnskap om finansielle markadar og instrument.
- Heradstyret skal taka stilling til prinsipielle spørsmål om finans- og gjeldsforvaltninga, herunder kva som reknast som langsiktige finansielle aktiva. Det pålegg rådmannen ein sjølvstending plikt til å utreia og leggja fram saker for heradstyret som vurderast som prinsipielle.
- Rådmannen skal fortløpande vurdere om reglementet sine ulike råmer og avgrensingar er skikka, og om desse på eit klårt og tydeleg vis sikrar at kapitalforvaltninga utøvast forsvarleg i høve til dei risikoar heradet er eksponert for.
- Det tilligg rådmannen å inngå avtaler i samsvar med dette reglementet.
- Det tilligg rådmannen, med heimel i dette finans- og gjeldsreglement, å utarbeida naudsynte fullmakter/instruksar/rutiner for dei einskilde forvaltingsformer som er i samsvar med heradet sine overordna økonomiføresegn.
- Finansielle instrument og/eller produkt, som ikkje er eksplisitt tillatt nytta gjennom dette reglementet, kan ikke nyttast i heradet si finansforvaltning.

Plassering av heradet sine middel i verdipapir, skal skje iht. etiske kriterie. Kriteria er skildra under plassering av langsiktige finansielle aktiva, pkt. 3.8. Så langt det er praktisk mogleg skal desse etiske kriteria også gjelda for plasseringar i verdipapirfond.

Konkrete råmer for forvaltning av høvevis heradet sine middel til driftsføremål (inkl. ledig likviditet), langsiktige finansielle aktiva og gjeldsporteføljen omtalast i det fylgjande kvar for seg.

1.3.1 Referanserenter og krav til avkastning

For plasseringar (aktiva) er målsetjinga for kortsiktige plasseringar å oppnå ei avkastning som over tid er høgare enn plassering i bankinnskot. For langsiktige investeringar har Ulvik herad sett eit avkastingsmål på 5% årleg avkastning basert på langsiktige forventningar til rentenivået, med overordna mål å maksimera avkastninga innanfor dei kvalitative og kvantitative råmene som fylgjer av dette reglementet.

Rentekostnaden på gjelda målast opp imot 3 års swaprente + 1 prosentpoeng (samsvarar med heradet sitt mål om ein vekta renteløpetid på 3 år i ein normalsituasjon).

1.3.2 Fullmakter til rådmannen

Heradstyret gjev rådmannen fylgjande fullmakter:

Forvaltning av lån (sjå eiga reglement for låneopptak):

- a. Gjennomføra opptak av lån (obligasjonslån, sertifikatlån og andre lån) etter lovleg vedtak fatta i heradstyret
- b. Gjennomføra refinansiering av eksisterande lån
- c. Avtala lånetidspunkt og lånevilkår
- d. Fullmakt til å signera låneavtaler etter lovleg vedtak i heradstyret

Plassering av ledig likviditet

- Føretaka plasseringar som bankinnskot og særtilkår

Forvaltning av langsiktige investeringar

- Føretaka endringar og plasseringar av forvalta kapital i tråd med føringar og føreseg i regelverket for langsiktige investeringar

1.3.3 Fullmakter til formannskapet

Formannskapet gjevast fullmakt til å foretaka plasseringar av finansielle aktiva utover ett år.

1.3.4 Rutiner for finansforvaltninga

Det skal etablerast administrative rutiner som syt for at finansforvaltninga utøvast i tråd med finansreglementet, gjeldande lovar og forskrifter, og at finansforvaltninga er gjenstand for tryggande kontroll. Det skal herunder etablerast rutinar for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekkja avvik frå finansreglementet.

2. Kva middel som skal forvaltast med låg risiko og høg likviditet og kva råmer og avgrensingar som gjeld for forvaltninga av midla (det skal mellom anna oppgjevast kva som er tillaten risiko, krava til risikospreiing og kva finansielle instrumenter som er tillatne)

Plasseringane skal gjerast slik at likviditetsbehovet vert dekkja samtidig som ei forsvarleg avkastning vert oppnådd. Likviditetsreserva skal sikra det behov for likviditet som oppstår som fylgje av tidskilnaden mellom inn- og utbetalingar (middel rekna for driftsføremål). Likviditetsreserva inkluderer trekkrett i konsernkontosystemet. Heradet skal til einkvar tid ha tilgjengeleg driftslikviditet (inkl. trekkrettar) som minst er like stor som forventa likviditetsbehov i dei neste 30 dagar. All likviditet utover dette er overskotslikviditet.

Kommunens middel til driftsføremål (herunder ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskot pengemarknadsfond og renteberende verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK).

Heradet kan inngå rådeavtale for å ivareta det løpande behovet for banktenester. Ved val av hovudbankforbinding stillast det krav om minimum internasjonal «kredittrating» BBB+ eller tilsvarende kredittvurdering. Det kan gjerast avtale om trekkrett.

Heradet sin driftslikviditet skal plasserast i heradet sin hovudbank, eventuelt supplert med innskot i andre større spare- eller forretningsbankar med forvaltingskapital som overstig NOK 3 mrd.

Ledig likviditet og andre middel meint for driftsføremål, utover kva som trengs til dekning av kommunens løpende forpliktelser dei næraste 3 månadar, fråtrukke estimerte innbetalinger og trekkrettar utgjier overskotslikviditet.

Heradet si målsetjing innanfor plassering av overskotslikviditet er å optimalisera avkastinga innanfor eit akseptabelt risikonivå. Det er heradet sitt likviditetsbudsjett som synleggjer eventuell overskotslikviditet for kortsiktig plassering.

Overskotslikviditet kan plasserast etter fylgjande retningslinjer:

2.1. Innskot i bank

For bankinnskot gjeld fylgjande avgrensingar:

Tidsbinding kan ikkje avtalast for ein periode på meir enn 6 månadar

Eit enkelt innskudd med tidsbinding kan ikke utgjøre meir enn NOK 25 mill.

2.2. Delar i pengemarkedsfond

For plassering i pengemarknadsfond gjeld fylgjande:

Middel kan berre plasserast i fond forvalta av selskap med brei verdipapirforvaltning.

Det skal berre plasserast i fond med rentevarleik kortare enn 12 månadar.

Fondet kan berre investera i papir der utstedaren eller papiret sjølv har ein «rating» på minimum BBB- (investment Grade).

Ansvarlege lån frå finans kan utgjera inntil 15 % av porteføljen, og finansinstitusjonane skal ha ein «rating» på minimum BBB+.

Det skal ikkje vera avgrensningar på uttaksretten i fonda som nyttast, og midla skal alltid vera tilgjengelege på få dagar.

Samla gjennomsnittleg løpetid for kreditten (kredittdurasjonen) i eit einskild pengemarknadsfond skal ikkje overstiga 1,5 år.

2.3. Direkte eige av verdipapir

For direkte plassering i renteberande papir gjeld fylgjande:

a) Det skal berre plasserast i renteberande papir med kortare løpetid enn 12 månader til endeleg forfall.

b) Inga einskildpapirer skal ha lågare «kredittrating» enn BBB- ("investment grade") på investeringstidspunktet. Om andre mål nyttast må dei vurderast av forvaltar til å ha minimum tilsvarande kredittkvalitet.

c) Papira kan bestå av:

- Renteberande papir utsteda eller garantert av den norske stat.

- Renteberande papir utsteda eller garantert av norske statsføretak.

- Renteberande papir utsteda eller garantert av norske kommunar eller fylkeskommunar.

- Renteberande papir, i form av "senior"-sertifikat – og obligasjonslån, utsteda eller garantert av norske bankar eller kredittinstitusjonar.
- d) Det kan ikkje plasserast middel direkte i industriobligasjonar, ansvarleg lånekapital, fondsobligasjonar, grunnfondsbevis/eigenkapitalbevis eller aksjar.
- e) Inga einskildplassering i renteberande papir kan utgjera meir enn kr 2 mill. Unnateke frå denne avgrensinga er plasseringar i statspapir.

2.4. Felles plasseringsavgrensingar

Heradet sitt samla innskot i bank/kredittinstitusjon (inkl. direkte eige av verdipapir utsteda eller garantert av institusjonen) skal ikkje overstiga 2 % av institusjonen sin forvaltingskapital

Heradet sin eigardel i eit pengemarknadsfond skal ikkje overstiga 5 % av fondets sin forvaltingskapital.

3. Kva middel som skal forvaltast med ein lang tidshorisont og kva råmer og avgrensingar som gjeld for forvaltninga av midla (det skal mellom anna oppgjevast kva som er tillaten risiko, krava til risikospreiing og kva finansielle instrument som er tillatne)

3.1 Føremål

Forvaltninga av heradet sine langsiktige finansielle aktiva har som føremål å sikra ei langsiktig avkastning som kan medvirke til å gjeva innbyggjarane i Ulvik herad eit godt tenestetilbod. Det styrast etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år, samtidig som ein søker å nå eit ambisiøst avkastingsmål.

I perioden 2003-2021 har gjennomsnittleg årleg avkastning vore om lag 6,4 % for finansporteføljen. Den lågaste avkastninga har vore om lag -7,0 % (finanskriseåret 2008), medan den høgste avkastninga har vore om lag 17,3 % (2005). Risikoen, måla ved standardavviket, har vort om lag 4,6 % i same periode. Den akkumulerte avkastninga har i perioden vore om lag 197 %.

Vår målsetjing er også å vera driftsuavhengig av avkastninga frå langsiktige finansielle aktiva, men Ulvik herad er medviten om at dette er ein ambisiøs målsetjing.

Marknadsverdet utgjorde NOK 24 mill . pr. 31. mars 2021

3.2 Overordna investeringsråmer

3.2.1 Generelt

For å kunne oppfylja føremålet for forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva skal midla til einkvar tid forvaltast etter kriteria

- Sikkerheit
- Risikospreiing
- Likviditet
- Avkastning

Risikovurderingar føretakast som omtala i pkt. 6.2.

3.2.2 Likviditetsmål

Investeringane skal skje i børsnoterte verdipapir med rimeleg god omsetjing og andre papir med tilsvarande god likviditet.

3.3 Produktspekter

Fylgjande instrument er tilgjengelege for inkludering i Ulvik herad si forvaltingsportefølje:

- bankinnskot
- sertifikat
- pengemarknadsfond
- obligasjonar
- obligasjonsfond
- aksjefond
- aksjar og grunnfondsbevis

3.4 Risikoråmer

3.4.1 Likviditetsrisiko

Likviditetsrisikoen skal minimerast ved å investera i regulerte produkt med definert likviditet, som t.d. verdipapirfond.

3.4.2 Kredittrisiko

Kredittrisiko styrast gjennom god diversifisering av porteføljen, med bruk av risikoråmer. Råmene set kvalitative og kvantitative grenser for tillaten investering. Råmene er nærare omtala i punkt 3.4.4

3.4.3 Avgrensingar

Ulvik herad si forvaltning skal vera godt diversifisert, både i form av fordeling på fleire aktivaklassar men også god spredning på utstedarar innan den einskilde aktivaklassen. Ei slik fordeling av porteføljen vil også redusera porteføljen sin samla, absolutte risiko.

Ved plasseringar i breie verdipapirfond oppnåast ein likvid, brei og kostnadseffektiv diversifisering og for alle aktivaklasser skal difor fond og ikkje direkteinvesteringar nyttast, jfr. forbod i punkt 2.3 d).

3.4.4 Investeringsstrategi

Ulvik herad sin langsiktige investeringsstrategi er utforma som ei prosentvis fordeling av midla mellom ulike aktivaklassar og markadar (nasjonalt og internasjonalt), med presisering av kva råmer for avvik, i høve finansstrategien, som er akseptable.

Forventet avkastning og risiko*

Aksjer	Strategivekt		Min / Max	Referanseindeks	Betinget		
	Langsiktig	Dagens rente	Std. avvik				
	30 %		0% / 40%				
Norske aksjer	35 %	11 %	15% / 55%	OSEBX	8.0 %	5.5 %	23.0 %
Globale aksjer (usikret)	65 %	20 %	45% / 85%	MSCI AC World	8.0 %	5.5 %	18.0 %
Obligasjoner	60 %		50% / 70%				
Norske obligasjoner	100 %	60 %	- / -	75% NBP RM123D3 / 25% ST4X	3.5 %	1.0 %	4.0 %
Pengemarked	10 %		0% / 50%				
Norsk pengemarked	100 %	10 %	- / -	ST1X	3.0 %	0.5 %	1.5 %
Total	100 %				4.8 %	2.3 %	6.4 %

*Risikofri rente (NIBOR 3m): Langsiktig: 3.0% / Dagens: 0.5%
Avkastning er aritmetisk

3.4.5 Forventa avkastning og risiko for investeringsstrategien

Dagens rentenivå ligger lavere enn hva vi tror er et langsiktig normalt rentenivå.

Forventa utinga rentenivå reknast å liggja rundt tre (3)%. Per 1. april 2021 var styringsrenta frå Norges Bank på null (0) %, medan tre månadars NIBOR-rente ligg rundt 0,3 %. Om me legg til grunn eit rentenivå på 0,3% for korte renter, vil forventa avkastning på alle aktiva verta redusert med 2,7%-poeng måla mot langsiktig forventning. Dette tyder at porteføljen si forventa avkastning, med rentenivået per april 2021 lagt til grunn, vil vera på 2,3 %. Det leggjast vidare til grunn at risikoen er den same.

Ulvik Herad forventer dermed ikkje å oppnå eiga avkastingsynskje gjeve dagens rentenivå, men akseptarer ein lågare forventa avkastning grunna risikoomsyn. Grunnkravet om å maksimera formuesverdet med ein akseptabel risiko og lågast moglege finansielle kostnader ligg fortsatt i botn, jfr. punkta over.

Ulvik herad sin investeringsstrategi inneber at årleg avkastning teoretisk vil forventast å svingja mellom -4,2 % og +8,7 % i to av tre år.

Den årlege avkastninga vil i 19 av 20 år (m.a.o. med 95 % sannsyn) kunne variera mellom -4,2 % og +8,7 %.

Sannsyn for avkastning i eit einskild kalendarår:

- Sannsyn for avkastning > inflasjon (2 %) er 52 %
- Sannsyn for avkastning > 0% er 64 %
- Verdfall ved ein stresstest er -10,7 %
- Største observerte verdfall basert på faktiske avkastningstal for dei aktuelle aktivaa dei siste 30 år er -12 % (februar 2009)

Risikoreduksjon i totalporteføljen oppnåast gjennom diversifisering på fleire nivå: aktivaklassar, land/regionar, bransje/sectorar og utstedarar/selskap. Dette tekast omsyn til gjennom val av forvaltarar og produkt.

Tabellen under syner den forventa avkastninga og risikoen for ulike aktiva, føresett eit breidt investeringsunivers (t.d. Oslo Børs for "norske aksjar"). Denne er etterfylgt av ei korrelasjonsmatrise som syner antekne samanhengar mellom ulike aktivaklasser.

Med korrelasjon meinast samvariasjon. Ein låg korrelasjon vil seia at risikoen mellom to aktiva ikkje går i takt, som vil kunna vera positivt med tanke på overordna porteføljesamansetjing. Dømevis er korrelasjonen mellom norske obligasjonar og globale aksjer 0,18. Dette tyder at desse to aktivaa opptrer omtrent uavhengig av kvarandre. Korrelasjonstala gjeld for øvrig for ubelånte aksjer og renter. Ved belåning får ein heilt andre korrelasjonar.

Som skildra over er forventa langsiktig rente ca. 3 %, medan dagens rente er på 0,3 %. Vidare er historisk observerte og-/eller subjektive risikopremiar tillagde aktivaklassane. Risikoen er måla ved historisk standardavvik, eventuelt korrigert med risikotal som framstår som meir representative på lang sikt.

	Risikopremie	Langsiktig	Betinget dagens rente	Std.avvik
Aksjer				
Norske aksjer	5.0 %	8.0 %	5.5 %	23.0 %
Globale aksjer (usikret)	5.0 %	8.0 %	5.5 %	18.0 %
Obligasjoner				
Norske obligasjoner	0.5 %	3.5 %	1.0 %	4.0 %
Globale obligasjoner (sikret)	0.75 %	3.8 %	1.2 %	4.5 %
Pengemarked				
Norsk pengemarked	0.0 %	3.0 %	0.5 %	1.5 %

Korrelasjonsmatrise mellom dei ulike aktiva:

	Norske aksjer	Globale aksjer (usikret)	Norske obligasjoner	Norsk pengemarked
Norske aksjer	1.00	0.70	0.20	0.00
Globale aksjer (usikret)	0.70	1.00	0.15	0.00
Norske obligasjoner	0.20	0.15	1.00	0.50
Norsk pengemarked	0.00	0.00	0.50	1.00

3.5 Avkastingsrisiko og referansemål («benchmarks»)

Avkastingsrisiko er definert som risiko for verdsendring på egedelar som fylgje av endringar i marknadsforhold – herunder endring i aksjekursar, rentenivå samt endring i svingninga (volatiliteten) i desse marknadane.

Ved sida av den absolutte risiko (risikoen for ikkje å nå oppsett avkastingsmål) har heradet også ein relativ risiko som er risikoen for ikkje å oppnå avkastinga til ein samanlikningsportefølje (referanseportefølje).

Referanseindeks («benchmark») for langsiktige finansielle aktiva:

- Bank/likviditet/sertifikat Oslo Børs Statssertifikatindeks 0,25 år (ST1X)
- Obligasjonar Oslo Børs Statsobligasjonsindeks 3 år (ST4X)
- Aksjar/grunnfondsbevis (innland) Oslo Børs Hovudindeks (OSEBX)
- Aksjar/grunnfondsbevis (utland) MSCI All Country World Index NTR i NOK

Ved referansesamanlikningar skal den faktiske porteføljen og tilhøyrande avkastning målast mot "normalporteføljen" og tilhøyrande "avkastning" i den gjeldande perioden.

3.6 Porteføljekonstruksjon

3.6.1 Generelt om handtering av relativ risiko

Relativ risiko er eit uttrykk for kor mykje dei einskilde delporteføljane i Ulvik herad sin totalportefølje vil kunna svingja i forhold til marknaden (les; i forhold til referanse-

indeksane si utvekling). Ulvik herad ynskjer eit medvite forhold til relativ risiko i høve dei ulike marknadane det investerast i, dømevis Oslo Børs.

For å kontrollera risiko relativt til marknaden kan delar av Ulvik herad sine middel plasserast i kostnadseffektiv, indeksnær forvaltning som «speglar» marknaden. Den relative risiko for desse plasseringane vil vera sær s låg. Avkastning og risiko vil fylgjeleg i stor grad vera avgjort av utviklinga i marknaden og ikkje av forvaltaren sin dugleik.

3.6.2 Generelt om handtering av valutarisiko

Det stillast ikkje absolutte krav til valutasikring av porteføljen, og Ulvik herad aksepterer dermed at valuta kan gjeva positive og negative verdendingar.

Ulvik herad kan likevel velja å valutasikra i dei tilfella dette synast særskilt tenleg.

3.6.3 Krav ved plasseringar i rentefond (pengemarknad og obligasjonar)

For å kontrollera samla renterisiko skal pengemarknadsplasseringane til Ulvik herad, i tillegg til øvrige krav, ha ein maksimal durasjon (voge løpetid) inntil eitt (1) år, medan tilsvarande for obligasjonsfond er inntil fem (5) år for norske obligasjonar .

Det skal nyttast rentefond som har låg til moderat kredittrisiko og som har god spreining på utstedarar og tal papir. Ulvik herad skal m.a.o. ikkje taka høg kredittrisiko i rentemarknaden, men heller taka ut den absolutte risikoen i porteføljen gjennom delen plassert i aksjemarknaden. Det vil difor vera naturleg at forvaltingsresultata for renteplasseringane ligg nære dei referanseindeksane som fondet nyttar.

Kostnadskontroll, konsistent forvaltning og gode prosessar vil difor vera viktige faktorar ved val av renteforvaltarar.

3.6.4 Krav ved plasseringar i aksjefond

Aksjefondsplasseringane skal reflektera referanseindeksane som er sett i dette mandatet, og det kan som nemnd i pkt 3.6.1 nyttast både aktive og passive forvaltarar.

For å kontrollera risiko relativt til marknaden kan delar av Ulvik herad sine aksjefondsplasseringar plasserast i kostnadseffektiv, indeksnær forvaltning. Den relative risiko for desse plasseringane vil vera sær s låg. Avkastning og risiko vil fylgjeleg i stor grad vera avgjort av utviklinga i marknaden og ikkje av forvaltaren sin dugleik.

Rådmannen har mynde til å avgjera kor stor del det er ynskjeleg å plassera i indeks- eller indeksnær forvaltning. Denne skal likevel vera minimum ein fjerdedel av aksjefondporteføljen. Øvrige plasseringar kan foretakast i meir aktive aksjefond, men det er eit krav at samtlege aktive aksjefond skal ha ein breidd i sine investeringar, og ikkje eit einseitig bransjefokus.

Verdipapirfond som nyttar derivat som ein vedtektsfesta del av forvaltninga og risikostyringa av fondet er tillatne. Ulvik herad skal ikkje sjølv nytta derivat, anna enn ved eventuell valutasikring.

3.7 Rutiner for og krav til vald forvaltar

Fylgjande spørsmål skal svarast på i den overordna rapporteringa:

- 1) Er avkastninga i tråd med forventingane?
- 2) Er porteføljen i tråd med reglementet som Heradstyret har vedteke?
- 3) Korleis kan ansvaret for avkastninga fordelast mellom Heradstyret, rådmann og forvaltarane?

Avkastningsrapportering gjerast månadleg til rådmannen, og rådmannen rapporterar, som nemd i punkt 5, tertialsvis til formannskap og heradstyre.

Forvaltarane som nyttast skal minimum kunne rapportera fylgjande forhold som grunnlag for utrekningane over:

- Porteføljeoppstilling på aktivaklassenivå og innanfor kvar aktivaklasse
- Absolutt periodeavkastning samt relativ periodeavkastning samanlikna med den førehandsdefinerte referanseindeksen

Den faktiske samansetninga av aktiva vil naturleg endrast ettersom dei ulike marknadane naturleg vil utvekla seg ulikt.

Ved regelmessige tidspunkt må dirfor samansetninga av aktiva "rebalanserst" tilbake til utgangspunktet for å halda på det risikonivået som er fastsett i punkt 3.4.5.

Ulvik herad sin portefølje skal minimum rebalanserst når faktiske portefølje-vektar er lik maksimums- eller minimumsgrensene. Rebalansering skal i utgangspunktet bringa porteføljevektene tilbake til utgangspunktet.

Rebalansering kan avvika fra marknadsmessige syn.

3.8 Etiske retningslinjer

Dei etiske retningslinjene skal byggja på FN's «Global Compact» sine 10 prinsipp:

Menneskerettar:

1. Sikra at selskapet ikkje medverkar til brot på menneskerettane
2. Støtta internasjonalt akta menneskerettar innan dei område verksemda opererer i

Arbeidstakarrettar:

3. Akta foreiningsfridomen og retten til å føra kollektive forhandlingar
4. Avskaffa alle formar for tvangsarbeid
5. Fjerna bruken av barnarbeid, jfr. aml. kap. 11
6. Avskaffa diskriminering i sysselsetjing og arbeid

Miljø:

7. Støtta "føre var"-prinsippet i miljøspørsmål
8. Ta initiativ til å fremja miljøansvar
9. Oppfordra til utvikling og spreiding av miljøvenleg teknologi

Korrupsjon:

10. Kjempa mot alle formar for korrupsjon, inklusive utpressing og muter.

Desse retningslinjene inneber mellom anna at selskap som produserer særleg umenneskelege våpen skal utelukkast frå porteføljen. Vidare skal selskap utelukkast om det er openbar uakseptabel risiko for at heradet gjennom sine investeringar medverker til:

- Grove eller systematiske brot på menneskerettar, som til dømes drap, tortur, fridomsrøving, tvangsarbeid, utnytting og anna utnytting av barn.
- Alvorlege brot på einskildpersonar sine rettार i krig eller konfliktsituasjonar, alvorleg miljøskade, grov korrupsjon og andre særleg grove brot på grunnleggjande etiske normar.

Ulvik herad vil sjå til at samarbeidande forvaltarar er informerte om både forvaltingsrammar og etiske retningslinjer i heradet sitt reglement for finansforvaltning. Det er Ulvik herad si målsetjing at kapital ikkje plasserast i selskap med ein uakseptabel etisk profil.

Dersom heradet vert gjort merksame på at det hjå ein forvaltar er plasseringar i selskap med ein uakseptabel etisk profil, skal dette takast opp til diskusjon med forvaltaren med sikte på at nemnde plasseringar utførde av forvalteran, opphøyrer, eller at heradet trekk seg ut av det aktuelle produktet hjå forvaltaren.

I forlenging av dette skal Ulvik Herad velja lokale og internasjonale forvaltarar som er godkjende verdipapirføretak eller verdipapirfondsføretak (tilsvarende for dei internasjonale marknadene) og underlagt tilsyn av offentlege tilsynsmynde.

Det er eit krav at forvaltarane som nyttast gjev eksplisitt uttrykk for at dei kvalitativt fylgjer den eksklusjon av verdipapir som føretakast av Statens Pensjonsfond Utland, likevel med dei naturlege tidsavvik som vil kunne finna stad. Med sistnemnde "tidsavvik" meinast at eksklusjonen av verdipapir i Statens Pensjonsfond Utland sin portefølje ikkje er offentleg kjend før Statens Pensjonsfond Utland har vald å gå til eksklusjon av verdipapiret.

Fond som ikkje kan stadfesta at dei fylgjer Statens Pensjonsfond Utland sine etiske vurderingar skal ikkje takast inn i aksjeporteføljen, uavhengig av om dei etiske retningslinjene elles er fulgt. Desse krava gjeld for aksjefondsporteføljen. Om forvaltar vert kjend med at fondet har aksjar i selskap på eksklusjonslista skal forvaltar straks trekkja seg ut av fondet.

Porteføljen er gjenstand for regelmessig kontroll ved at Ulvik herad hentar ut aktuell informasjon fra forvaltar sin aksjeportefølje og sammenstiller denne med aktuell informasjon i Statens Pensjonsfond Utland sin portefølje.

4. Kva råmer og avgrensningar som gjeld for forvaltinga av gjeld (det skal mellom annet oppgjevast kva som er tillaten risiko, krava til risikospreiing og kva finansielle instrument som er tillatne)

4.1. Vedtak om opptak av lån

Heradstyret fattar vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret. Slike vedtak skal som minimum angjeva:

- Lånebeløp
- Nedbetalingstid

Med utgangspunkt i heradstyret sitt vedtak skal det gjennomførast låneopptak, herunder godkjenning av lånevilkår, og for øvrig forvaltning av heradet sitt innlån etter dei retningslinjer som framgår av dette reglementet, og i tråd med føresegna i Kommunelovens § 14-14, § 14-15, § 14-16 og § 14-17 om låneopptak.

Det kan også takast opp lån til refinansiering av eksisterande gjeld.

4.2. Valg av låneinstrumenter

Det kan berre takast opp lån i norske kroner.

Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar, samt i livselskap. Det er også tilgang til å leggja ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden. Lån kan takast opp som opne seriar (råmelån) og utan avdrag (bulletlån).

Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.

4.3. Låneopptak

Låneopptak skal skje i høve til heradstyret sine vedtekne investeringsbudsjett og likviditetsbehov.

- Det kan kun berre takast opp lån i norske kroner.
- Eit einskild innlån kan ikkje utgjera meir enn 45 prosent av gjeldsporteføljen.
- Lån kan hentast inn i kapitalmarknaden ved sertifikat- og obligasjonslån samt ordinære innlån frå bank og livsforsikringsselskap. Gjeld kan løpa med fast eller flytande rente. Gjeld kan takast opp som opne serier og utan avdrag.
- Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.
- Den maksimale avdragstida på heradet si samla gjeld skal vera i samsvar med vedtak og gjeldande regelverk for minimumsavdrag.

4.4 Finansielle derivat

Fylgjande finansielle derivat kan nyttast i gjeldsforvaltinga:

- Rentebytteavtaler (renteswap)

Finansielle derivat kan nyttast til det høve å endra renteeksponeringa for heradet si lånegjeld. Grunnlaget for å gå inn i slike kontraktar skal vera at ei totalvurdering av renteforventingar og risikoprofil, på eit gjeve tidspunkt, tilseier at slik endring er ynskjeleg.

Det er ikkje tillate å løsriva derivathandelen frå den øvrige finansforvaltinga. Føremålet bak kvar derivatkontrakt skal dokumenterast, og kontraktane skal knytast til underliggjande lån. Det skal berre nyttast større bankar, med brei dokumentert erfaring innanfor dette området, som motpart ved slike kontraktar.

4.5 Konkurrerende tilbod

Låneopptak skal søkjast gjennomførde til marknaden sine mest gunstige vilkår. Det skal innhentast minst 2 konkurrerende tilbod frå aktuelle långjevarar. Det kan gjerast unnatak frå denne reglen for situasjonar der heradet vel å leggja ut sertifikat- eller obligasjonslån gjennom å gjeva ein tilretteleggjar eit eksklusivt mandat. Prinsippet kan også fravikast ved låneopptak i statsbank (t.d. etableringslån i Husbanken).

4.6 Lån til vidare utlån

Startlån for vidare utlån takast opp i Husbanken i høve heradstyret sitt budsjettvedtak med eventuelle endringar ved egne vedtak i budsjettåret. Lånet si løpetid, rentebinding og andre vilkår knytt til låneopptaket velgjast av rådmannen. Andre vidare utlån gjennomførast i tråd med kommuneloven § 14-17.

4.7. Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisera låneopptak og rentebindingsperiode i høve til oppfatningar om fremtidig renteutvikling og innenfor

eit akseptabelt risikonivå gjeve eit overordna ynskje om føreseielegheit og stabilitet i lånekostnader.

Forvaltningen skal leggast opp som følgjer;

- a) Refinansieringsrisikoen skal reduseres ved å spreia tidspunkt for renteregulering/forfall
- b) Gjennomsnittleg attverande rentebinding (durasjon – vekta rentebindingstid) på samla renteberande gjeld skal til einkvar tid vere mellom 1 og 5 år.
- c) Minimum ein tredjedel ($1/3$) av gjeldsporteføljen skal ha flytande rente (rentebinding kortere enn eitt år), minimum ein tredjedel ($1/3$) skal ha fast rente, medan ein tredjedel ($1/3$) skal vurderast ut i frå marknadssituasjonen.
- d) Delen av gjeldsporteføljen som har fast rente, bør fordeles i eitt (1) til fem- (5)årssegmentet på eit slikt vis at heradet får lågast mogleg refinansieringsrisiko.
- e) I ein normalsituasjon og som ein referansemål skal den samla gjeldsporteføljen si vekta renteløpetid vera to (2) år.

For å oppnå ynskja rentebinding gjevast det høve til å taka i bruk framtidige renteavtaler (FRA) og rentebytteavtaler (SWAP). Rentesikringsinstrumenta kan nyttast i det føremål å endra renteeksponeringa for heradet si lånegjeld. Føresetnadar for å gå inn i slike kontraktar skal vera at ei totalvurdering av renteforventingar og risikoprofil på eit gjeve tidspunkt, tilseier at slik endring er ynskjeleg.

Det er ikkje tillate å løsriva derivathandelen frå den øvrige finansforvaltninga, og utrekningar under punkt b) skal inkludera FRA- og SWAP-kontraktar. Føremålet bak kvar derivatkontrakt skal dokumenterast, og kontraktane skal knytast til underliggjande lån eller låneportefølje. Det skal berre nyttast større bankar, med brei dokumentert erfaring innanfor dette området, som motpart ved slike kontraktar.

5. Rapportering og kontroll

Formål med rapportering er å informera om finansforvaltninga sine faktiske resultat, og finansforvaltninga sin eksponering i høve dei råmer og retningslinjer som er fastsette. Rådmannen skal rapportera status for heradet si finansforvaltning herunder utviklinga gjennom året til heradstyret (minst to ganger i året). I Ulvik herad rapporterar rådmannen kvart tertial. I tillegg skal det rapporterast etter årets utgong.

I kvar tertialrapport skal det vera ei oversikt over utvikling i finansporteføljen både for lån (finansielle passiva) og plasserte middel (finansielle aktiva). Herunder lånekostnad, rente- og refinansieringsrisiko, kredittrisiko, samansetjing av låneportefølje og samenlikning med referanserente.

Ved vesentlege endringar i heradet sin portefølje, eller ved brått oppståtte hendingar som kan påverka heradet si finansielle stilling, skal formannskapet straks underrettast.

Årsmeldinga til heradet skal innehalda ein eiga orientering om korleis heradet sin finansportefølje er forvalta siste rekneskapsår. Herunder skal vesentlege endringar i samansetjinga av finansporteføljen og risikoprofil presiserast særskilt.

Kommunedirektøren skal i samanheng med tertialrapportar leggja fram rapportar for heradstyret som syner status for forvaltninga av langsiktige finansielle aktiva. I tillegg

skal rådmannen etter utgangen av året leggja fram ein rapport for heradstyret som syner utviklinga gjennom og status ved utgangen av året.

Rapporten skal minimum angjeva fylgjande:

- Fordeling av dei ulike aktivaklassane i kroner (markedsverdier) og i prosent av dei samla langsiktige finansielle aktiva.
- Avkasting hittil i år sammenlikna med referanseindeks per aktivaklasse og samla.
- Rådmannen sine kommentarar knytt til forvaltinga, og vurdering av tiltak overfor vesentlege avvik i finansreglementet.

I tillegg skal plasseringa av heradet sine langsiktige finansielle aktiva ved kvar rapportering stresstestast med fylgjande parameter:

- +2 % - poeng parallelt skift i den norske rentekurva.

Samla verdfall på langsiktige finansielle aktiva skal oppgjevast og rådmannen skal kommentera heradet si evne til å bera det potensielle tapet. Dersom rådmannen si vurdering er at det potensielle tapet er for stort, måla mot heradet si risikoberande evne, skal rådmannen leggja fram forslag til endring i reglementet og samansetjinga av den risikoberende porteføljen.

6. Korleis avvik frå finansreglementet skal handterast.

6.1 Konstatering av avvik

Ved konstatering av avvik mellom faktisk finansforvaltning og finans- og gjeldsreglementet sine rammer skal slikt avvik umiddelbart lukkast. Avviket, slik det har framstått, og eventuell økonomisk konsekvens av avviket skal utan ugrunna opphald rapporterast til heradstyret saman med forslag til rutineendringar som vil redusera sannsynet for slikt avvik i framtida.

6.2 Risikovurderingar

Det skal til kvar rapportering til heradstyret gjerast fylgjande atskilte risikovurderingar:

- a) Renterisikoen for plasseringar av ledig likviditet og andre middel meint for driftsføremål og gjeldsporteføljen sett i sammenheng,
 - Eit "netto" gjeldssyn som syner heradet sin renterisiko angjeve i NOK ved ein eitt prosentdel (1%) generell endring i den norske rentekurva.

Med nettogjeld meinast i denne samanheng brutto gjeld fråtrukke gebyrgrunnlag VA (vatn og avlaup), lån med rentekompensasjon og tilretteleggjingslån i Husbanken.

- b) Den absolutte risikoen i forvaltinga av langsiktige finansielle aktiva
 - Rekna ut rullerande standardavvik over 36 måneder til porteføljen sin strategi (referansemål).
- c) Den generelle risikoen i forvaltinga av langsiktige finansielle aktiva
 - Rekna ut rullerande generell svinging (standardavviket til differansen mellom faktisk avkasting og strategi for avkasting) over 36 måneder.

6.3 Kvalitetssikring

Finansforskrifta pålegg heradstyret å gjeva løyve til at uavhengig kompetanse vurderer om finans- og gjeldsreglementet legg rammer for ein finansforvaltning som er i tråd med kommuneloven sine reglar og reglane i finansforskriften. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurderer rutinane for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutiner for å avdekkja avvik fra finans- og gjeldsreglementet.

Rådmannen påleggjast ansvar for at slike eksterne vurderingar innhentarast.

Kvalitetssikring av finans- og gjeldsreglementet skal finna stad ved kvar endring av reglementet, og før heradstyret vedtek nytt, endra finans- og gjeldsreglement. I denne samanheng skal det også rapporterast på utført kvalitetssikring av rutinane.